



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 39 L

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i verjemålslova og lov om forsvunne
personar mv. (teieplikt ved verjemål og
dødsfall i utlandet m.m.)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	4	Teieplikta for oppnemnde verjer og verjemålsstyresmakta	26
2	Bakgrunnen for lovforslaget	7	4.1	Unntak frå teieplikta	26
2.1	Teieplikt ved verjemål	7	4.1.1	Gjeldande rett	26
2.2	Dødsfall i utlandet	8	4.1.2	Høyringsnotatet 19. oktober 2016	26
3	Bevis frå oppnemnde verjer	9	4.1.3	Høyringsinstansane sitt syn	27
3.1	Innleiing	9	4.1.4	Departementet si vurdering	29
3.2	Gjeldande rett	10	4.2	Brot på teieplikta for oppnemnde verjer	30
3.3	Høyringsnotatet 19. oktober 2016	11	4.2.1	Gjeldande rett	30
3.3.1	Hovudregel om bevisforbod	11	4.2.2	Høyringsnotatet 19. oktober 2016	31
3.3.2	Samtykke frå ein mindreårig person med verje	11	4.2.3	Høyringsinstansane sitt syn	31
3.3.3	Personen med verje er ute av stand til å samtykkje	12	4.2.4	Departementet si vurdering	31
3.3.4	Personen med verje er fråteken den rettslege handleevna	13	5	Dødsfall i utlandet	33
3.3.5	Saker om fråtaking av den rettslege handleevna	13	5.1	Gjeldande rett	33
3.4	Høyringsinstansane sitt syn	14	5.2	Høyringsnotatet 9. november 2016	34
3.4.1	Hovudregel om bevisforbod	14	5.3	Høyringsinstansane sitt syn	34
3.4.2	Samtykke frå ein mindreårig person med verje	17	5.4	Departementet si vurdering	35
3.4.3	Personen med verje er ute av stand til å samtykkje	17	6	Økonomiske og administrative konsekvensar	36
3.4.4	Personen med verje er fråteken den rettslege handleevna	18	7	Merknader til dei einskilde føresegnene	37
3.4.5	Saker om fråtaking av den rettslege handleevna	18	7.1	Endringar i verjemålslova	37
3.5	Departementet si vurdering	21	7.2	Endringar i tvistelova	38
3.5.1	Hovudregel om bevisforbod	21	7.3	Endringar i straffeprosesslova	39
3.5.2	Samtykke frå ein mindreårig person med verje	23	7.4	Endringar i lov om forsvunne personar	39
3.5.3	Personen med verje er ute av stand til å samtykkje	23	7.5	Til inkurieopprettingane	39
3.5.4	Personen med verje er fråteken den rettslege handleevna	24		Forslag til lov om endringar i verjemålslova og lov om forsvunne personar mv. (teieplikt ved verjemål og dødsfall i utlandet m.m.)	41
3.5.5	Saker om fråtaking av den rettslege handleevna	24			

Prop. 39 L

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i verjemålslova og lov om forsvunne personar mv. (teieplikht ved verjemål og dødsfall i utlandet m.m.)

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 26. januar 2018,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justis- og beredskapsdepartementet fremjer i denne proposisjonen forslag til endringar i verjemålslova, lov om forsvunne personar og visse andre lover.

Eit av formåla med endringsforslaga er å regulere høvet til bevisføring frå oppnemnde verjer om tilhøve som er omfatta av den teieplikta verja har etter verjemålslova, jf. punkt 3. Verjemålslovgivinga reflekterer eit behov for eit særleg lovvern til dei som i liten grad kan verne seg sjølv. Verjemålet skal sikre personar som treng det, støtte og bistand til å gjere rettslege disposisjonar og til å råde over midlane sine. Det å leggje til rette for at personen som har fått oppnemnt verje, og verja kan ha eit tillitsfullt og fortruleg forhold, er ein viktig føresetnad for at ordninga kan fungere etter formålet.

Departementet foreslår ein hovudregel om at det ikkje kan førast bevis frå ei oppnemnd verje som krenkjer teieplikta verja har etter verjemålslova, jf. punkt 3.5.1. Forbodet vil ikkje gjelde der-

som den som har krav på teiing, samtykkjer til bevisføring.

I saker der personen med verje er mindreårig, blir det foreslått visse særreglar om samtykke, jf. punkt 3.5.2.

Vaksne personar med oppnemnd verje kan ha ulikt fungeringsnivå. Høvet til å tillate at det blir ført bevis frå den oppnemnde verja, bør ikkje vere avskoren i tilfelle der personen reint faktisk ikkje er i stand til å forstå kva eit samtykke inneber. I punkt 3.5.3 blir det foreslått at retten i slike tilfelle får kompetanse til å ta vare på interessene til personen i spørsmålet. Kva det vil seie for samtykkekompetansen at personen med verje er fråteken rettsleg handleevne, er behandla i punkt 3.5.4.

Det blir ikkje foreslått særreglar om bevisføring frå verja i saker om fråtaking av rettsleg handleevne, jf. punkt 3.5.5. Reglane om kven som har kompetanse til å reise sak om verjemål med fråtaking av den rettslege handleevna, blir òg foreslått endra slik at verja ikkje lenger sjølv kan reise

sak om dette. Meiner verja at det er behov for verjemål med fråtaking av den rettslege handleevna, kan verja ta dette opp med fylkesmannen.

Eit anna formål med endringsforslaga i proposisjonen er å gjere visse justeringar i reglane om unntak frå teieplikta for oppnemnde verjer og for verjemålsstyresmakta, jf. punkt 4.1. Det blir foreslått å tydeleggjere at unntaka ikkje berre gjeld for vaksne med oppnemnd verje, men òg for barn med oppnemnd verje, jf. punkt 4.1.4. I same punkt blir det foreslått visse justeringar for å få til ei noko betre tilpassing mellom unntaka frå teieplikta og omsyna som ligg til grunn for dei. Det følgjer av § 46 andre ledd og § 65 i gjeldande verjemålslov at opplysninga om at ein person er sett under verjemål, ikkje er omfatta av teieplikta for den oppnemnde verja og verjemålsstyresmakta. For teieplikta for den oppnemnde verja gjeld det same for opplysninga om kven som er oppnemnd som verje, og opplysningar om rammene for verjeoppdraget. Det blir foreslått at unntaket frå teieplikta blir endra slik at dei nemnde opplysningane om verjemålet kan gjerast kjende for andre så

langt det er nødvendig av omsyn til personen sjølv, eller for å sikre at verja kan utføre oppdraget sitt på ein god måte. Unntaka frå teieplikta for verja og verjemålsstyresmakta blir òg foreslått harmoniserte.

I proposisjonen blir det òg foreslått at brot på teieplikta skal straffesanksjonerast for faste verjer, jf. punkt 4.2.

Det blir i punkt 5 foreslått ei endring av regelen om dødsorskurd når det ikkje er grunn til å tvile på at ein person er død, jf. lov 12. mai 2015 nr. 27 om forsvunne personar § 8. Formålet med dette forslaget er å leggje til rette for ei formålstenleg behandling av saker der ein person med tilknytning til Noreg har døydd i utlandet og det ikkje kan skaffast fram dokumentasjon på dødsfallet som kan godtakast for å registrere personen som død i det norske Folkeregisteret.

I proposisjonen blir det foreslått ein del opprettingar av inkuriar i lover på Justis- og beredskapsdepartementet sitt område. Dei blir bare omtalt i merknadene til dei einskilte føresegnene, jf. punkt 7.5.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

2.1 Teieplikt ved verjemål

Eit høyringsnotat om teieplikta for verjer og verjemålsstyresmakta vart sendt på høyring 19. oktober 2016 med høyringsfrist 17. januar 2017. Høyringsnotatet omhandla bevisføring frå oppnemnde verjer, unntak frå teieplikt og brot på teieplikt. Det vart sendt på høyring til desse instansane:

Departementa
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
Barneombodet
Bioteknologirådet
Domstoladministrasjonen
Domstolane
Fylkesmennene
Helsedirektoratet
Longyearbyen lokalstyre
Lotteri- og stiftelsestilsynet
Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse
Norsk senter for menneskerettar
Pasient- og brukaromboda
Regjeringsadvokaten
Riksadvokaten
Sametinget
Sekretariatet for konfliktråda
Statens helsetilsyn
Statens seniorråd
Statens sivilrettsforvaltning
Statsadvokatane
Stortingets ombodsmann for forvaltninga
Støttesenter for fornærmede i straffesaker
Sysselmannen på Svalbard

Advokatforeningen
Autismeforeningen i Norge
Den norske Dommerforening
Den norske legeforening
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Gjeldsoffer-Alliansen
Handikappede Barns Foreldreforening
Human Rights Alert Norway
Juridisk rådgivning for kvinner (JURK)
Jussbuss
Jussformidlingen i Bergen
Jushjelpa i Midt-Norge

Jusshjelpa i Nord-Norge
Kyrkjerådet
Landsforbundet for Utviklingshemmede og Pårørende
Landsforeningen for Pårørende innen Psykisk helse
Landsforeningen We Shall Overcome
Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner
Mental helse
Nasjonalforeningen for folkehelsen
Norges handikapforbund
Norges Juristforbund
Norges Kvinne- og Familieforbund
Norges Røde Kors
Norsk barne- og ungdomspsykiatrisk forening
Norsk Folkehjelp
Norsk Forbund for Utviklingshemmede
Norsk Helse og Velferdsforum
Norsk Pasientforening
Norsk Psykiatrisk Forening
Norsk Psykologforening
Pensjonistforbundet
Profesjonelle Vergers Interesseorganisasjon
Redd Barna
Rettspolitisk Forening
Rådet for psykisk helse
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner
Samarbeidsutvalget for forliksråd og namsmenn
Seniorsaken
Stiftelsen Barnas rettigheter
ULOB
Universitetet i Bergen, Det juridiske fakultetet
Universitetet i Oslo, Det juridiske fakultetet
Universitetet i Tromsø, Det juridiske fakultetet

Desse instansane har meldt frå om at dei ikkje vil gi høyringsfråsegn, eller at dei ikkje har merknader til høyringsnotatet:

Arbeids- og sosialdepartementet
Arbeids- og velferdsdirektoratet
Den norske kyrkja
Den norske kyrkja, Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kirkeråd

Domstoladministrasjonen
Forsvarsdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Høgsterett
Klima- og miljødepartementet
Kunnskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Oslo statsadvokatembete
Samferdselsdepartementet
Utanriksdepartementet

Desse instansane hadde realitetsmerknader til forslaget:

Agder lagmannsrett
Fylkesmannen i Hedmark
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Oslo og Akershus
Fylkesmannen i Rogaland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Telemark
Fylkesmannen i Vestfold
Helsedirektoratet
Riksadvokaten
Statens sivilrettsforvaltning
Den norske Dommerforening
Jussformidlingen i Bergen
Norsk Journalistlag
Norsk Presseforbund
Norsk Redaktørforening

Somme høyringsinstansar har gitt innspel om endringar som ikkje var omfatta av høyringsnotatet frå departementet. Desse blir ikkje omtalte i proposisjonen.

2.2 Dødsfall i utlandet

I høyringsfråsegna si til høyringa av NOU 2014: 1 *Ny arvelov* viste Oslo byfogdembete til at den aukande internasjonaliseringa dei seinare åra har ført til at talet på dødsfall i utlandet som skal registrerast i Noreg, har auka vesentleg. Oslo byfogdembete peikte på at det oppstår eit særleg problem for registreringa når det ikkje lèt seg gjere å skaffe fram dokumentasjon på dødsfallet som norske styresmakter godtek. Oslo byfogdembete etterlyste i høyringsfråsegna ein eigna heimel for handteringa av desse sakene.

På bakgrunn av dette sende Justis- og beredskapsdepartementet 9. november 2016 på høyring eit forslag om endring av regelen om dødsorskurd

når det ikkje er grunn til å tvile på at personen er død, jf. lov 12. mai 2015 nr. 27 om forsvunne personar § 8.

Høyringsbrevet vart sendt til desse instansane:

Departementa
Arbeids- og velferdsdirektoratet (NAV)
Barneombodet
Bergen tingrett
Domstoladministrasjonen
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)
Likestillings- og diskrimineringsombodet
Nasjonalt identitets- og dokumentasjonssenter (NID)
Oslo byfogdembete
Oslo tingrett
Politiets utlendingseining
Skattedirektoratet
Stavanger tingrett
Stortingets ombodsmann for forvaltninga
Sør-Trøndelag tingrett
Utlendingsdirektoratet (UDI)
Utlendingsnemnda (UNE)

Flyktninghjelpen
Human Rights Service (HRS)
Human Rights Alert – Norway (HRA-N)
Innvandrernes Landsorganisasjon (INLO)
Juridisk Rådgivning for Kvinner (JURK)
Jussbuss
Jussformidlingen i Bergen
Jusshjelpa i Nord-Norge
Kontaktutvalget mellom innvandrerbefolkningen og myndighetene (KIM)
Norsk organisasjon for asylsøkere (NOAS)
Norsk senter for menneskerettar
Redd Barnas rettighetssenter
Stiftelsen Barnas rettigheter

Desse instansane hadde realitetsmerknader til forslaget:

Finansdepartementet
Kripos
Oslo byfogdembete
Skattedirektoratet

Forslaget i høyringsbrevet om endring i lov om forsvunne personar § 8 blir følgt opp i denne proposisjonen. Departementet viser til dei generelle merknadene i punkt 5, forslaget om endring av § 8 i lov om forsvunne personar og merknaden til føresegna.

3 Bevis frå oppnemnde verjer

3.1 Innleiing

Somme vaksne personar treng bistand til å representere seg på det økonomiske eller det personlege området. Verjemålslovgivinga tek utgangspunkt i at alle menneske har evna til å ha rettar og plikter, men at ikkje alle har evna til sjølve å gjere handlingar som stiftar rett eller gir ein ansvar. Eit viktig formål med lovgivinga er å sikre at interessene til vaksne som ikkje kan disponere på eiga hand, blir sikra, og at dette skjer med respekt for verdigheita og integriteten til kvar einskild.

Verjemålslovgivinga er òg med på å oppfylle Noregs folkerettslege skyldnad til å sikre at personar med nedsett funksjonsevne får den støtte og bistand dei treng for å utøve den rettslege handleevna si, jf. FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne artikkel 12.

Gruppa verjetrengande er samansett og ueinsarta. Å få oppretta verjemål kan til dømes vere aktuelt for ein eldre person råka av aldersdemens eller ein person med Alzheimers sjukdom, psykose, utviklingshemming eller eit rusproblem. Kva som er årsak til redusert kapasitet, kan vere forskjellig, og personane som blir råka, kan ha ulikt fungeringsnivå og behov for bistand. Somme er aktive og gjer sjølve fleire rettslege disposisjonar, andre er ikkje i stand til å disponere på eigne vegner.

At det blir oppretta verjemål for ein person, inneber at det blir oppnemnt ei verje som har kompetanse til å handle på vegner av personen innanfor rammene av eit nærmare fastsett mandat. Ved eit alminneleg verjemål har personen med verje den rettslege handleevna si fullt ut i behald. Verjemålslova § 33 første og andre ledd har føreseigner om plikt for verja til å høyre og til å ta omsyn til det den einskilde ønskjer. Det frivillige aspektet ved alminnelege verjemål vart tydeleggjort ved verjemålslova 2010, jf. Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) side 49. Berre når særskilde vilkår er oppfylte, kan ein person bli fråteken den rettslege handleevna si på bestemte område, jf. verjemålslova § 22. Også der personen med verje er fråteken rettsleg handleevne, skal verja leggje vekt på kva personen meiner. Omsynet til sjølv-

råderetten til kvar einskild står sterkt i verjemålslovgivinga. Det «minste middels prinsipp» er ein berebjelke og inneber at det ikkje skal gripast inn i sjølvrådet til kvar einskild i større grad enn det som i kvart einskilt tilfelle er nødvendig, jf. Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) side 42. Sjølvrådet til kvar einskild er òg verna av FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne artikkel 12.

For at verja skal kunne utøve sin særlege bistands- og støttefunksjon på ein god måte, er det viktig å leggje til rette for at personen med verje kan ha eit tillitsfullt og ope forhold til verja. Dette kan vere ein føresetnad for at den det gjeld, kjenner seg fortruleg med å formidle eigne ønske og preferansar til verja. Det kan òg vere ein føresetnad for at personen kjenner seg trygg på å kunne vere open om eige fungeringsnivå og behov for bistand. Oppnemnde verjer er pålagde teieplikt etter verjemålslova § 46. Teieplikta reflekterer nettopp at verja som ledd i verjeoppdraget kan få kjennskap til opplysningar om personen som kan vere av meir eller mindre kjensleg karakter. Dette kan vere opplysningar som vedkomande vil kunne ønskje at verja ikkje fører vidare.

Der teiepliktige opplysningar frå ei oppnemnd verje har noko å seie for spørsmål som er oppe i saker for domstolane, vil omsynet til at personen med verje og verja kan ha eit fortruleg forhold, og omsynet til opplysning av saka dra i ulike retningar. Det er vesentleg at retten får tilgang til dei opplysningane som er nødvendige og relevante for at avgjerdsgrunnlaget for retten skal vere korrekt. Samtidig reflekterer gjeldande reglar om bevisforbod og bevisfritak at nokre opplysningar er rekna for å vere av ein slik art at høvet til bevisføring bør avgrensast.

Spørsmålet om føring av bevis som er omfatta av teieplikta for oppnemnde verjer, kan vere aktuelt i fleire samanhengar. Verja kan til dømes ha opplysningar om personen som kan vere svært viktige når retten skal vurdere om vilkåra for fråtaking av den rettslege handleevna er oppfylte eller ikkje. Ein person med verje kan òg vere part eller vitne i andre sivile saker eller straffesaker. Sakene kan ha varierende grad av samanheng

med årsaka til at personen har behov for verje. Det kan til dømes vere reist sak om gyldigheita av ein avtale signert av ein person som er dement, eller ein person med sinnsliding kan ha vorte utnytta på ein straffbar måte. Sakene kan òg vere heilt utan samanheng med årsaka til at personen har behov for verje, som tvistar om rettar til eigedom, mangelskrav og liknande. Også her kan verja ha opplysningar som kan vere meir eller mindre viktige for saka. Det kan til dømes vere at det er verja som har handla på vegner av personen i tvisten, slik at det er verja som har førstehands kjennskap til saka.

Felles for sakstypene er at bevis som kjem inn under teieplikta for den oppnemnde verja, kan vere både til gunst og ugunst for personen. Verja kan til dømes ha opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga i retten av om det ligg føre formildande omstende eller ikkje, eller om personen er strafferettsleg tilrekneleg. Det er likevel ikkje gitt at den oppfatninga personen sjølv har av om bevisførsel frå verja er ønskeleg, samsvarar med om dette etter meir objektive kriterium vil vere til gunst for han eller henne. Særleg kan den kjenslege karakteren av opplysningar som er omfatta av teieplikta for den oppnemnde verja, gjere at dette er noko personen ikkje ønskjer at skal kome fram, sjølv om det objektivt sett ville ha talt til fordel for han eller henne i ei einskild sak.

3.2 Gjeldande rett

Verjemålslova § 46 om teieplikt for oppnemnde verjer lyder slik:

«En oppnevnt verge plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han eller hun får vite som ledd i vergeoppdraget om noens personlige forhold eller om tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den opplysningen angår. Taushetsplikten gjelder også etter at vergeoppdraget er avsluttet. Vergen kan heller ikke utnytte slike opplysninger i egen virksomhet eller tjeneste eller i arbeid for andre.

Opplysningen om at en person er satt under vergemål, er ikke underlagt taushetsplikt. Det samme gjelder opplysningen om at vedkommende er oppnevnt som verge, og opplysninger om rammene for vergeoppdraget.

Hvis den som er satt under vergemål, ikke selv kan gi uttrykk for sitt syn, gjelder ikke

taushetsplikten overfor vedkommendes ektefelle, samboer, barn, barnebarn, foreldre og søsken i større utstrekning enn det som må antas å være etter hans eller hennes ønske. Taushetsplikten viker for opplysningsplikt og meldeplikt med hjemmel i lov. Forvaltningsloven § 13 annet ledd første punktum og § 13 a gjelder tilsvarende.»

At teieplikta berre gjeld for «oppnemnde» verjer, inneber at foreldre som er verjer for mindreårige barn, ikkje er omfatta, jf. Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) side 199. På same side er det lagt til grunn at ei oppnemnd verje som er advokat, vil vere underlagd reglar om teieplikt allereie i eigenskap av dette.

I saker for domstolane er utgangspunktet etter tvistelova og straffeprosesslova at ein har plikt til å forklare seg som vitne overfor retten med mindre det gjeld særlege unntak, jf. tvistelova § 21-5 og straffeprosesslova § 108.

Særlege reglar om bevisforbod gjeld mellom anna for opplysningar som kjem inn under lovbestemt teieplikt, jf. tvistelova § 22-3 og straffeprosesslova § 118. Teieplikta må følgje av «tjeneste eller arbeid for stat eller kommune» med ei utviding til nokre bestemt fastsette kategoriar. Departementet kan likevel samtykke i at beviset blir ført, og samtykke kan berre nektast når bevisføring kan utsetje staten eller allmenne interesser for skade eller verke urimeleg overfor den som har krav på hemmelegghald, jf. tvistelova § 22-3 andre ledd og straffeprosesslova § 118 første ledd. Etter ei avveging av omsynet til teieplikta og omsynet til opplysning av saka kan òg retten bestemme at beviset skal førast, sjølv om samtykke er nekta frå departementet si side, eller at beviset ikkje skal mottakast sjølv om departementet har samtykt, jf. tvistelova § 22-3 tredje ledd og straffeprosesslova § 118 andre ledd.

Særlege reglar om bevisforbod gjeld òg for opplysningar som er gitt i fortrulegheit til særlege yrkesutøvarar, jf. tvistelova § 22-5 første ledd og straffeprosesslova § 119. Retten kan ikkje utan samtykke frå den som har krav på hemmelegghald, ta imot bevis eller forklaring frå prestar i statskyrkja, prestar eller forstandarar i registrerte trusamfunn, advokatar, forsvararar i straffesaker, meklarar i ekteskapssaker, legar, psykologar, apotekarar, jordmødrer eller sjukepleiarar om noko som er sagt dei i fortrulegheit i stillinga deira. Det same gjeld underordna og medhjelparar som «i stillings medfør er kommet til kunnskap om det som er betrodd de nevnte personer». Etter straffeprosesslova fell forbodet bort når forklaringa

trengst for å førebyggje at nokon uskuldig blir straffa.

Sjølv om forholdet ikkje er omfatta av tvistelova § 22-5 første ledd, kan retten etter andre ledd «frita en part eller et vitne fra å gi tilgang til bevis om noe som er betrodd under sjelesorg, sosialt hjelpearbeid, medisinsk behandling, retts hjelp etter domstoloven § 218 annet ledd eller lignende virksomhet». Ein parallell regel er gitt i straffeprosesslova § 121.

For nærståande til ein part gjeld òg særlege reglar om bevisforbod, jf. tvistelova § 22-8 og straffeprosesslova § 122. Vidare har både tvistelova og straffeprosesslova reglar om bevisfritak for opplysningar om forhold som, om dei blir kjende, vil kunne få alvorlege konsekvensar for bevispersonen sjølv eller nærståande til vedkomande, jf. tvistelova § 22-9 og straffeprosesslova § 123.

3.3 Høyringsnotatet 19. oktober 2016

3.3.1 Hovudregel om bevisforbod

Departementet foreslo i høyringsnotatet at det blir gitt særlege reglar i tvistelova og straffeprosesslova om føring av bevis som er omfatta av den lovbestemte teieplikta for oppnemnde verjer. Det vart foreslått ein hovudregel om at retten ikkje kan ta imot bevis frå oppnemnde verjer om noko som er omfatta av teieplikta etter verjemålslova § 46. Departementet uttalte:

«Vergens særskilte bistands- og støttfunksjon og hensynene bak vergemålslovgevingen kan tilsi at det bør gjelde begrensninger i adgangen til å føre bevis for retten om opplysninger som er omfattet av taushetsplikten for en oppnevnt verge. Vergens rolle og forutsetningen om fortrolighet kan gjøre det nærliggende å se hen til reglene om bevisforbud for yrkesgrupper som advokater og prester eller dem som driver sosialt hjelpearbeid eller lignende. Dette kan tale for en hovedregel om at retten ikke kan ta imot bevis fra oppnevnte verger om noe som er omfattet av deres taushetsplikt etter vergemålsloven § 46. En slik regel er inntatt i forslaget til endring av tvisteloven § 22-3 a første ledd og straffeprosessloven § 118 b første ledd i punkt 6.

For advokater og prester mv. faller bevisforbudet som nevnt bort hvis den som har krav på hemmelighold, samtykker til at beviset føres, jf. tvisteloven § 22-5 tredje ledd og straffeprosessloven § 119 første ledd. I straffesaker

faller bevisforbudet også bort når forklaringen trengs for å forebygge at noen uskyldig blir straffet, jf. straffeprosessloven § 119 tredje ledd. Det antas at tilsvarende bør gjelde ved et eventuelt bevisforbud for oppnevnte verger. Forbudet vil være begrunnet i hensynet til personen selv, og hvis han eller hun samtykker til at beviset føres, bør vergen neppe ha rett til å nekte å forklare seg.

En person som er under vergemål uten å være fratatt rettslig handleevne, har den rettslige handleevnen i behold og kan selv foreta rettslige handlinger og råde over sine midler, jf. vergemålsloven § 21 første ledd. Dette tilsier at han eller hun som hovedregel selv bør gis retten til å ta stilling til om det skal gis samtykke til vitneførsel, eller ikke.»

Vidare peikte departementet på at særlege spørsmål reiser seg dersom personen med verje er mindreårig, er ute av stand til å samtykke eller er fråteken rettsleg handleevne, og i saker om fråtaking av den rettslege handleevna. Desse spørsmåla blir behandla i punkt 3.3.2 til 3.3.5 nedanfor.

3.3.2 Samtykke frå ein mindreårig person med verje

I høyringsnotatet vart det ikkje foreslått noka særregulering av den retten den mindreårige har til sjølv å samtykke til vitneførsel frå ei oppnemnd verje. Om dette uttalte departementet:

«Dersom personen med oppnevnt verge er mindreårig, må det vurderes om vedkommende selv kan samtykke til vitneførsel, eller om den som har foreldreansvaret må samtykke. Det vises bl.a. til Skoghøy: Tvisteløsning (2014) side 754, Schei m.fl.: Tvisteloven (2013) side 854–855, Bjerke m.fl.: Straffeprosessloven (2011) side 465–466 og Backer: Barneloven (2008) side 265–267. Det synes ikke å være grunn til noen særregulering av den mindreåriges rett til selv å samtykke til vitneførsel fra en oppnevnt verge, sammenlignet med vitneførsel fra for eksempel en advokat eller en prest.»

Der den som har foreldreansvaret, må samtykke, reiser det seg likevel nokre særlege spørsmål. I høyringsnotatet heiter det:

«I visse tilfeller er det vergen som treffer avgjørelser som tilkommer den som har foreldreansvaret, jf. vergemålsloven § 17 annet ledd.

Dette gjelder når ingen har foreldreansvar for den mindreårige, eller når den som har foreldreansvaret, ikke kan ivareta den mindreåriges interesser. I slike tilfeller synes det nærliggende at retten isteden gis kompetanse til å beslutte om beviset kan føres. Den mindreårige bør ha tilsvarende medbestemmelsesrett ved rettens beslutning som etter barneloven § 31.»

3.3.3 Personen med verje er ute av stand til å samtykke

I høyringsnotatet foreslo departementet at retten får høve til å bestemme om beviset frå verja kan førast i den utstrekning personen med verje «ikke er i stand til å forstå hva et samtykke innebærer». Om bakgrunnen for forslaget vart det uttalt:

«Voksne personer med oppnevnt verge kan ha ulikt fungeringsnivå. Noen vil være fullt ut i stand til å gi uttrykk for egne ønsker og preferanser, eventuelt med tilpasset hjelp og assistanse. For andre kan dette være vanskelig. Personen kan for eksempel være i koma eller ha langt fremskreden demens. Det kan tenkes tilfeller hvor en person med verge har den rettslige handleevnen i behold, men der personen rent faktisk ikke er i stand til å forstå hva et samtykke innebærer.»

Departementet la til grunn at høvet til å tillate at det blir ført bevis frå ei oppnemnd verje om opplysningar som er omfatta av teieplikta, ved ei løysing som skissert i punkt 3.3.1 over, neppe bør vere avskore i slike tilfelle. Personen med verje bør i staden få hjelp til å ta vare på egne interesser i spørsmålet om beviset bør førast.

Om grunngevinga for at kompetansen til å gi støtte i dette spørsmålet vart foreslått lagd til retten, heiter det i høyringsnotatet:

«Hvis vergen gis kompetanse til å bistå i dette spørsmålet, og avgjørelsen gjelder bevisførsel fra vergen selv, vil det lett oppstå spørsmål om vergens habilitet. Vergemålslovens løsning er at det oppnevnes en midlertidig verge (setteverge) hvis en verge er inhabil, jf. vergemålsloven § 34. Ved bevis fra den oppnevnte vergen kan det være nærliggende å vurdere om avgjørelsen isteden bør legges til retten. Det kan synes hensiktsmessig at dette i så fall skal gjelde uavhengig av om vergen i den enkelte saken ville vært å anse som inhabil etter vergemålsloven § 34 eller ikke.»

Om vurderinga i retten av om det skal tillatast at beviset blir ført, uttalte departementet følgjande:

«Hensynet til hovedpersonens rett til selvbestemmelse bør trolig være det sentrale ved rettens vurdering av om beviset skal tillates ført. Det vil innebære at det bør legges avgjørende vekt på hva det er grunn til å anta at den enkelte vergetrengende selv ville ha ønsket i den gitte situasjonen. Løsningen vil forutsette en individuell vurdering, basert på den enkelte personens vilje og preferanser og med vekt på den enkeltes integritet.

I den utstrekning det er uklart hva personen med verge ville ha ønsket, bør retten se særlig hen til hva slags opplysninger en eventuell bevisførsel fra vergen vil omfatte. En part eller et vitne har i visse tilfeller rett til å nekte å gi bevis, jf. særlig tvisteloven kapittel 22 og straffeprosessloven kapittel 10. Retten bør trolig utvise særlig varsomhet med å tillate bevis fra vergen om opplysninger som er omfattet av bevisfritaksreglene.»

Vilkåret i lovforslaget om at personen med verje ikkje «er i stand til å forstå hva et samtykke innebærer», vart formulert med same ordlyd som i verjemålslova § 20 andre ledd første punktum. Om dette unntaket heiter det i Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) på side 178:

«Det sentrale vurderingstemaet vil være om vedkommende har den nødvendige mentale kapasiteten til å kunne avgi et gyldig samtykke. Kriteriet «forstå» må ikke tolkes strengt i vurderingen av om vedkommende har samtykkekompetanse. Dersom det med bakgrunn i den medisinske tilstanden og omstendighetene for øvrig må antas at vedkommende er i stand til å forstå hva det konkrete samtykket til vergemål innebærer, og vedkommende velger å ikke samtykke, kan ikke fylkesmannen vurdere begjæringen.»

Departementet la i høyringsnotatet til grunn at tilsvarende truleg bør gjelde ved ei løysing som skissert over, og uttalte:

«En adgang for retten til å beslutte om beviset skal føres, vil da kun gjelde i den utstrekning personen med verge ikke selv er i stand til å forstå hva det konkrete samtykket til bevisførselen innebærer. Hvis det med bakgrunn i den medisinske tilstanden og omstendighetene for øvrig må antas at personen med verge er i

stand til å forstå dette, ligger avgjørelsen alene til ham eller henne.»

Det vart foreslått at avgjerda i retten om forklaring kan takast imot frå ei oppnemnd verje, blir teken ved orskurd. Som grunngeving vart det vist til m.a. krava til grunngeving av orskurdar, jf. tviselova § 19-6 fjerde ledd og straffeprosesslova § 52, og den moglege betydninga ei slik avgjerd kan ha for sjølvrådet til personen med verje. I nokre tilfelle ville orskurdsform allereie følgje av andre føresegner.

3.3.4 Personen med verje er fråteken den rettslege handleevna

I høyringsnotatet vart det ikkje foreslått noka særskild regulering av saker der personen med verje er fråteken den rettslege handleevna. Om dette spørsmålet heiter det:

«Det minste middels prinsipp» er en bærebjelke innen vergemålslovgivningen. Prinsippet innebærer at det ikke skal gripes inn i den enkeltes selvbestemmelsesrett i større utstrekning enn det som i det enkelte tilfellet er nødvendig, jf. også FNs konvensjon om rettighetene til personer med nedsatt funksjonsevne art. 12. Det minste middels prinsipp er blant annet reflektert ved at hvert vedtak om vergemål uttrykkelig skal ta stilling til omfanget av vergemålet og ikke gjøres mer omfattende enn nødvendig, jf. vergemålsloven § 21 tredje ledd.

Utgangspunktet etter loven er at vergemål er en frivillig ordning som forutsetter samtykke fra den som settes under vergemål. Personen med verge kan selv foreta rettslige handlinger og råde over sine midler selv om han eller hun har fått oppnevnt en verge, jf. vergemålsloven § 21 første ledd. Bare når særskilte vilkår er oppfylt, kan en person fratas sin rettslige handleevne på bestemte områder, jf. vergemålsloven § 22. Heller ikke fratakelsen kan gjøres mer omfattende enn nødvendig.

Det kan stilles spørsmål om en adgang til å samtykke til at det føres bevis fra ens egen oppnevnte verge om noe som er omfattet av vergens taushetsplikt, bør anses å være av en så personlig art at et vergemål ikke kan omfatte slik kompetanse, jf. vergemålsloven § 21 fjerde ledd. Det tas ikke stilling til dette i høyringsnotatet, men departementet antar at det normalt uansett ikke vil være behov for å frata en person kompetansen til å avgjøre et slikt spørsmål. Personen vil da som hovedregel ha slik kompe-

tanse selv, selv om han eller hun skulle være fratatt den rettslige handleevnen på andre områder.

I noen situasjoner kan dette likevel innebære en risiko for rettstap for den det gjelder. En persons psykiske tilstand kan for eksempel gjøre at han eller hun oppfatter bevis fra en oppnevnt verge som farlig eller ødeleggende, mens det i realiteten ville hindret en dom i hans eller hennes disfavør. I ytterste konsekvens kan det tenkes at bevis fra vergen vil føre til at retten kommer til at personen ikke kan straffes. Den snevre adgangen vergemålsloven gir til å frata noen den rettslige handleevnen, reflekterer nettopp at man i noen situasjoner anser det som nødvendig å balansere retten til selvbestemmelse mot andre grunnleggende rettigheter, som blant annet retten til liv, retten til nødvendig helsehjelp og retten til en forsvarlig levestandard.

Samtidig kan det tenkes at en snever adgang for retten til å beslutte at bevis fra vergen kan føres i den utstrekning personen med verge rent faktisk ikke er i stand til å forstå hva et samtykke innebærer, vil gi retten en tilstrekkelig sikkerhetsventil for å unngå at selvbestemmelsesretten går på bekostning av den enkeltes grunnleggende rettigheter ellers.»

Det vart deretter vist til behandlinga av forslaget til regulering av tilfelle der personen med verje er ute av stand til å samtykkje, jf. punkt 3.3.3.

3.3.5 Saker om fråtaking av den rettslege handleevna

Når det gjeld saker om fråtaking av den rettslege handleevna, vart det i høyringsnotatet peikt på nokre generelle utgangspunkt for denne typen saker:

«Det er tingretten som treffer beslutning om vergemål med fratakelse av den rettslige handleevnen, jf. vergemålsloven § 68 første ledd. Krav om endring av dommen avgjøres også av retten ved et nytt søksmål, jf. § 75 fjerde ledd.

Grunnvilkåret for fratakelse av den rettslige handleevnen er at personen har fylt 18 år, og på grunn av sinnslidelse, herunder demens, psykisk utviklingshemming, rusmiddelmissbruk, alvorlig spilleavhengighet eller alvorlig svekket helbred ikke er i stand til å ivareta sine interesser, jf. § 22 første ledd, jf. § 20 første ledd. Ytterligere vilkår følger av vergemålsloven § 22 annet og tredje ledd:

«En person kan fratas den rettslige handleevnen i økonomiske forhold hvis dette er nødvendig for å hindre at han eller hun utsetter sin formue eller andre økonomiske interesser for fare for å bli vesentlig forringet, eller han eller hun blir utnyttet økonomisk på en utilbørlig måte. Fratakelsen av den rettslige handleevnen kan begrenses til å gjelde bestemte eiendeler eller bestemte disposisjoner.

En person kan fratas den rettslige handleevnen i personlige forhold på bestemte områder hvis det er betydelig fare for at han eller hun vil handle på en måte som i vesentlig grad vil være egnet til å skade hans eller hennes interesser.»

Når retten skal vurdere om vilkårene er oppfylt, kan opplysninger fra en oppnevnt verge være helt sentrale for å sikre et korrekt avgjørelsesgrunnlag. Hensynet til sakens opplysning vil ofte gjøre seg særlig gjeldende i slike saker.»

I forlenginga av dette vurderte departementet om det bør givast særskilde reglar om bevis frå oppnemnde verjer i saker om fråtaking av den rettslege handleevna. Det vart uttalt:

«Man kan for eksempel se for seg at retten gis en viss adgang til å tillate slik bevisførsel. En mulig regulering kunne være:

«I sak om vergemål med fratakelse av den rettslige handleevnen kan retten ved kjennelse beslutte at beviset kan føres når det er nødvendig etter en samlet vurdering av sakens art, forklaringens betydning for sakens opplysning og følgene for parten av at beviset føres.»

Ordlyden ligner, med noen tilpasninger, på den som er brukt i tvisteloven § 22-9 annet ledd.

Det vises i den forbindelse også til adgangen til å begjære saken behandlet for lukkede dører, jf. vergemålsloven § 71 tredje ledd.

I saker om vergemål, jf. vergemålsloven § 68 første og annet ledd, har det særskilte hensynet til sakens opplysning blant annet ført til en adgang for helsepersonell, ansatte i helse- og omsorgstjenesten, sosialtjenesten og ansatte i barneverntjenesten til å gi nødvendige og relevante opplysninger til oppnevnt sakkyn- dig og til å avgi vitneforklaring uten hinder av taushetsplikt, jf. vergemålsloven § 71 femte ledd. Fritaket fra taushetsplikten er begrenset til nødvendige opplysninger som er relevante for den konkrete saken. I Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) fremgår på side 210:

«Unntaket fra taushetsplikten er av personvern hensyn begrenset til opplysninger som er nødvendige og relevante for de spørsmål saken gjelder. Kravet om relevans innebærer at det normalt er opplysninger av nokså ny dato som er unntatt fra taushetsplikten. Nødvendighetsbegrensningen innebærer at det ikke skal leveres ut flere opplysninger eller mer detaljerte opplysninger enn det som er nødvendig for å opplyse saken. På den annen side er det vesentlig at retten får tilgang til de opplysningene som er nødvendige og relevante, slik at rettens avgjørelsesgrunnlag blir korrekt. Den nærmere avgrensingen må baseres på et skjønn.»

Tilsvarende ville synes naturlig å legge til grunn for oppnevnte verger ved en løsning som skissert over.

På den annen side kan hensynet til å legge til rette for et fortrolig forhold mellom vergen og personen med verge også gjøre seg særlig gjeldende i saker om fratakelse av en persons rettslige handleevne. I noen situasjoner ønsker personen det gjelder, selv å bli fratatt den rettslige handleevnen på nærmere angitte områder. Hvis dette ikke er tilfelle, kan det imidlertid virke særlig krenkende dersom opplysninger han eller hun har fortalt vergen i fortrolighet, blir brukt for å bevise at vilkårene for å frata vedkommendes rettslige handleevne er oppfylt.

Man er her på et område hvor hensynene til individets rettssikkerhet trekker i ulike retninger, og hvor avveiningen er vanskelig. Det er mulig at hensynet til den enkeltes selvbestemmelsesrett bør veie tyngst også i disse tilfellene. Det kan i så fall tilsi en løsning hvor det gjelder samme begrensninger for føring av bevis fra en oppnevnt verge i saker om fratakelse av rettslig handleevne, som i andre saker.»

3.4 Høyringsinstansane sitt syn

3.4.1 Hovudregel om bevisforbod

Agder lagmannsrett, Fylkesmannen i Hedmark, Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Telemark, Fylkesmannen i Vestfold, Helsedirektoratet, Riksadvokaten, Statens sivilrettsforvaltning, Den norske Dommerforening (Fagutvalget for Sivilprosess og Fagutvalget for Strafferett og Straffeprosess), Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Jussformidlingen og Nasjonalforeningen for folkehelsen har uttalt seg om forslaget

til endringer i tvistelova og straffeprosesslova. Av desse gir *Riksadvokaten*, *Helsedirektoratet*, *Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon*, *Jussformidlingen* og *Nasjonalforeningen for folkehelsen* uttrykk for generell støtte til forslaget som er skissert i høyringsnotatet. *Riksadvokaten* uttaler at ein i det vesentlege kan slutte seg til grunngevinga frå departementet for ein slik regel. *Fylkesmannen i Hedmark*, *Fylkesmannen i Møre og Romsdal*, *Fylkesmannen i Oslo og Akershus*, *Fylkesmannen i Rogaland*, *Fylkesmannen i Telemark*, *Fylkesmannen i Vestfold* og *Statens sivilrettsforvaltning* sluttar seg til forslaget om ein hovudregel om at retten ikkje kan ta imot bevis frå oppnemnde verjer når dette vil krenkje den lovbestemte teieplikta etter verjemålslova § 46. Desse høyringsinstansane har samtidig innspel til særlege problemstillingar som ein slik regel reiser, sjå punkt 3.4.2 til 3.4.5. *Den norske Dommerforening* og *Agder lagmannsrett* har innvendingar mot forslaget og meiner at eit generelt bevisforbod som skissert i høyringsnotatet vil gå for langt.

Agder lagmannsrett stiller innleiingsvis spørsmål om behovet for avklaring og lovregulering på dette området. Det blir vist til at mangelen på publisert rettspraksis om temaet kan tyde på at spørsmålet ikkje har valda vanskar i praksis. Fleire fylkesmannsembete gir derimot uttrykk for at spørsmåla bør regulerast nærmare.

Fleire av høyringsinstansane som støttar forslaget, peiker på at det er viktig å leggje til rette for eit fortruleg forhold mellom personen som har fått oppnemnt verje, og verja. *Fylkesmannen i Oslo og Akershus* uttaler:

«Etter vår oppfatning er det bare når kontakten mellom personen med oppnevnt verge og vergen kan skje i full fortrolighet, at vergen kan gis den informasjon som er nødvendig for å ivareta den vergetrengendes interesser på en god måte. Fravær av bevisforbud på dette området vil således kunne svekke formålet bak vergemålsordningen.»

Om same tema heiter det i høyringsfråsegna frå *Jussformidlingen*:

«I forbindelse med oppdraget kan en verge få innsyn i informasjon som den vergetrengende ellers aldri ville ønske å dele med andre, enten det gjelder økonomiske eller personlige forhold. Tillit til at taushetsplikten er reell, også der det oppstår en rettslig tvist, er en viktig forutsetning for å begrense belastningen så mye

som mulig og legge til rette for et fortrolig forhold.»

Fylkesmannen i Oslo og Akershus er samd i at mange av dei omsyna som ligg bak dagens bevisforbod for særlege yrkesgrupper, gjer seg gjeldande også for oppnemnde verjer, og uttaler:

«I tillegg til det allerede nevnte behovet for fortrolighet mellom vergen og den vergetrengende, vil også vernet mot selvkriminering gjøre seg gjeldende. For eksempel der en person med verge betror seg til vergen om forhold som kan bidra til egen domfellelse, og vergen deretter skal kunne pålegges en forklaringsplikt i retten. Taushetsplikten og det prosessuelle bevisforbudet må derfor ha et sterkt vern også på dette området. For øvrig vil Fylkesmannen påpeke at mange av de oppgavene en oppnevnt profesjonell verge utfører også ytes av advokater utenfor vergemålssystemet. Informasjon som genereres gjennom utførelse av slike oppgaver, bør gis samme beskyttelse uavhengig av om det er en advokat eller oppnevnt verge som utfører dem. En forskjellsbehandling på dette området, slik det er i dag, er uheldig ved at det gir advokater et monopol på slik tjenesteyting som garanterer klienten vern mot innsyn. Fylkesmannen forutsetter her at de taushetsbelagte opplysningene, om de hadde vært mottatt av en advokat, ville vært omfattet av advokatens bevisforbud, jf. strprl. § 119 første ledd og tvl. § 22-5 nr. 1.»

Høyringsinstansane som har innvendingar mot forslaget, *Agder lagmannsrett* og *Den norske Dommerforening*, viser særleg til omsynet til opplysning av saka. *Den norske Dommerforening (Fagutvalget for Sivilprosess)* uttaler:

«En lovregulering av dette bør gjenspeile flere hensyn enn vergens taushetsplikt, særlig hensynet til sakens opplysning. Det siste hensynet er etter vår oppfatning ikke ivaretatt i forslaget.

Fagutvalget for sivilprosess mener bestemmelsen må baseres på en avveining av de hensyn som er relevante. Det er også et relevant hensyn at behandlingen av sivile saker, og avgjørelsen av om et bevis kan føres, ikke gjøres mer komplisert enn de underliggende hensyn tilsier. Det vil i så fall innebære en unødvendig byråkratisering av sivilprosessen.

Fagutvalget for sivilprosess mener at dette tilsier en regel tilsvarende tvisteloven § 22-10:

Bevisfritak i stedet for bevisforbud, og vidare at retten kan gjøre unntak etter en avveining.

Hensynet til partene i tvisten (sakens opplysning) er også relevant. Bevisforbud medfører risiko for rettstap for partene. Vergens taushetsplikt er omfattende, jf. forslaget til § 46 i vergemålsloven. Denne bestemmelsen beskytter personen som har fått oppnevnt verge, ikke partene i en sivil tvist. Tvisteloven må ivareta også dem.»

Til støtte for eit bevisfritak peiker foreininga på følgjande:

«Bevisfritak betyr at vergen vil kunne nekte å forklare seg eller fremlegge bevis som omfattes av taushetsplikten. Det vil vergen formentlig gjøre når det er grunn til det, men ikke når det ikke er grunn til det. Når vergen ser at interessene til personen som har fått oppnevnt verge ikke tilsier hemmelighold, vil beviset kunne føres selv om det omfattes av vergens taushetsplikt. En slik regel vil ivareta så vel interessene til personen som har fått oppnevnt verge, hensynet til sakens opplysning, og hensynet til en effektiv sivilprosess. Spørsmålet om bevisfritak vil da bare komme opp når det er en reell grunn til det.»

Også *Agder lagmannsrett* meiner at eventuelle særreglar om bevisavgrensingar for verjer bør givast i form av eit bevisfritak. Først og fremst tek likevel lagmannsretten til orde for at det ikkje bør givast nokon særreglar om bevisavgrensingar for oppnemnde verjer som inneber at dei kjem i ei anna stilling enn andre lovlege representantar. Det blir teke til orde for at reglane i tvistelova kapittel 22 er tilstrekkeleg fleksible og gir retten høve til å gjere ei rimeleg avveging av dei ulike omsyna i kvar einskild sak. Lagmannsretten etterspør mellom anna ei nærmare drøfting av kva slags opplysningar som teieplikta gjeld for etter verjemålslova, og som bør omfattast av meir omfattande bevisavgrensingar enn det som følgjer av tvistelova kapittel 22.

Agder lagmannsrett peiker vidare på forholdet mellom eit eventuelt bevisforbud for oppnemnde verjer og reglane i tvistelova § 2-2 for personar som ikkje er prosessdyktige og oppgåvene til verja i den samanhengen. Dette spørsmålet blir òg reist av *Fylkesmannen i Telemark*, som uttaler:

«Når det gjelder andre sivile saker enn fratakelsessaker, finner vi det fornuftig at hen-

synet til den enkeltes selvbestemmelsesrett må veie tyngst. Vi legger til grunn at dette ikke vil innskrenke en verges adgang til å representere personen med verge i henhold til reglene i tvisteloven § 2-2 om prosessdyktighet og verges oppgaver i den sammenheng.»

Agder lagmannsrett reknar forholdet til § 2-2 som meir problematisk. Det blir etterlyst ei drøfting av forholdet til den bevisplikta partane har, og det blir vist til at verja mellom anna har den same møte- og forklaringsplikta som ein part, jf. Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) side 461, Schei ofl.: *Tvisteloven*, kommentarutgåva, 2. utg. 2013, side 88, og tilsvarende Skoghøy: *Tvistemål*, 2. utg. 2014, side 726–728. I sivile saker har partane mellom anna plikt til å bidra til at saka blir riktig og fullstendig opplyst, jf. tvistelova § 21-4. Reglar om allmenn forklarings- og bevisplikt følgjer av tvistelova § 21-5. Reglar om forklaringsplikt for partane og plikt til å gi tilgang til dokument og andre bevisgjenstandar (realbevis) er viktige uttrykk for bevisplikta og følgjer av tvistelova høvesvis § 23-2 første ledd og kapittel 26. Agder lagmannsrett peiker på at det for partar som ikkje er prosessdyktige, er verja som har desse skyldnadene til å bidra til at saka blir opplyst, og uttaler:

«Et alminnelig bevisforbud for opplysninger undergitt taushetsplikt for oppnevnte verger etter vergemålsloven, bryter fundamentalt med vergens prosessuelle stilling som partsrepresentant i sivile saker etter tvisteloven og medfører en uheldig forskjellsbehandling mellom oppnevnte og naturlige verger og andre lovlige stedfortredere.»

Agder lagmannsrett peiker elles på andre grupper med lovbestemt teieplikt som kan vike for bevisplikta. Om dette blir det sagt:

«At oppnevnte verger i andre relasjoner enn i egenskap av partsrepresentanter i rettergang har taushetsplikt, ivaretar andre formål. Det er ellers ikke noe særsyn at lovbestemt taushetsplikt viker for bevisplikten. Slik er det i alminnelighet for lovbestemt taushetsplikt i privat sektor, som for eksempel taushetsplikten etter revisorloven, finansforetaksloven og eiendomsmeklerloven. Unntakene fra bevisplikten i rettssaker følger av de alminnelige reglene i tvisteloven kapittel 22. I praksis er det bevisfritaket for drifts- eller forretningshemmeligheter i § 22-10 som er aktuelt.»

Når det gjeld straffesaker, peiker *Den norske Dommerforening (Fagutvalget for Strafferett og Straffeprosess)* på at omsynet til den materielle sanninga veg svært tungt. Foreininga viser mellom anna til plikta retten har etter straffeprosesslova § 294 til å «våke over at saken blir fullstendig opplyst», og uttaler:

«Et bevisforbud krever derfor svært gode grunner. Vi ser det slik at utkastet nokså ensidig vektlegger hensynet til å verne kommunikasjonen mellom vergen og den som har fått oppnevnt verge. Etter fagutvalgets syn vil dette hensynet være tilstrekkelig ivaretatt gjennom en regel om fritaksrett slik man har i strpl. §§ 122-125. Denne bør imidlertid kombineres med en adgang for retten til å pålegge forklaringsplikt etter en avveining av de motstående hensyn, sml. strpl. § 124 annet ledd.»

Agder lagmannsrett støttar høyringsinnspølet frå *Den norske Dommerforening* og uttaler:

«Et generelt bevisforbud er vanskelig å forene med hensynet til den materielle sannhet, som veier tungt i straffesaker. I høringsnotatet er det ikke gitt noen egentlig begrunnelse for at det er behov for mer omfattende begrensninger i bevisplikten enn hva som nå følger av de alminnelige reglene i straffeprosessloven §§ 122 -125.»

Statens sivilrettsforvaltning peiker på at det kan reisast spørsmål om det ligg føre behov for at verja kan uttale seg i noko større omfang i straffesaker, men uttaler at ein ikkje har vurdert dette nærmare. *Fylkesmannen i Oslo og Akershus* støttar forslaget om at bevisforbudet for oppnemnde verjer fell bort når forklaringa trengst for å førebygge at nokon uskulde blir straffa. *Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon* uttaler:

«En person under vergemål må få avgjøre selv om det skal gis samtykke til bevisførsel eller ikke, men vi er enige i at det kan tenkes unntak fra dette, f.eks. i tilfeller hvor det er nødvendig for å forebygge at noen uskyldig blir straffet.»

3.4.2 Samtykke frå ein mindreårig person med verje

Fylkesmannen i Hedmark, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Oslo og Akershus og *Fylkesmannen i Rogaland* gir uttrykk for at ein sluttar seg til vurderingane i høyringsnotatet. *Fylkesman-*

nen i Oslo og Akershus tek opp spørsmålet om rolla retten har i vurderinga av om det ligg føre eit gyldig samtykke frå ein mindreårig, og uttaler:

«Fylkesmannen vil presisere viktigheten av at retten forsikrer seg om at det faktisk foreligger et gyldig samtykke fra den mindreårige. Den mindreåriges samtykke må være frivillig og informert, og informasjonen som gis må være tilpasset den mindreårige. Fylkesmannen antar at det ikke er et vilkår at samtykke gis direkte til retten, men at det kan gis til vergen. Der vergen mener å ha fått et samtykke fra den mindreårige, må derfor vergen kunne bevise at samtykket foreligger, og at det har vært informert godt nok. Fylkesmannen er for øvrig av den oppfatning at retten bør være mer tilbøyelig til å tolke uklare samtykker fra mindreårige innskrenkende enn utvidende. Videre bør retten kunne kreve å få snakke med barnet der det er usikkerhet knyttet til samtykket.

...

Vi mener for øvrig at i tilfeller hvor samtykke må avgis av den med foreldreansvaret, må retten sikre at den mindreårige har hatt tilsvarende medbestemmelsesrett som ved rettens egen beslutning.»

3.4.3 Personen med verje er ute av stand til å samtykke

Fylkesmannen i Hedmark, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Rogaland og *Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon* gir uttrykk for tilslutning til forslaget i høyringsnotatet. Om vurderingstemaet knytt til i kva grad personen forstår kva eit samtykke til bevisførsel vil seie, uttaler *Fylkesmannen i Hedmark*:

«Fylkesmannen forutsetter at det ved denne vurderingen blant annet innhentes uttalelse fra lege og/eller sakkyndig. Videre legger vi til grunn at der det er tvil om samtykkekompetansen, bør retten ha en samtale med personen, slik ordningen er etter vergemålsloven.»

Fylkesmannen i Oslo og Akershus uttaler:

«Slik departementet har utformet lovforslaget, skal retten kun ta stilling til om beviset kan føres der det er slått fast at personen med verge ikke er i stand til å avgi et gyldig samtykke. Retten har ansvaret for å sørge for at bevis som er omfattet av vitneforbudene ikke blir ført, og vil

på selvstendig grunnlag måtte vurdere personens samtykkekompetanse i anledning saken. For å sikre at saken er så godt opplyst som mulig før retten tar stilling til om beviset kan føres, mener vi at retten bør legge til grunn uttalelse fra personen med verges lege eller annen sakkyndig – innhentet til dette særskilte formålet. Videre mener vi at retten, der det er usikkerhet knyttet til personens samtykkekompetanse, bør forsøke å sørge for en muntlig samtale med personen selv. Det vises for øvrig til vergemålslovens bestemmelser som angir tilsvarende krav til vergens og vergemålsmyndigheten beslutningsgrunnlag, jf. § 33 og § 59.»

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon understreker at det må leggest avgjerande vekt på kva personen sjølv ville ha ønska i den gitte situasjonen og at retten må få dette belyst på ein god måte.

Agder lagmannsrett og *Den norske Dommerforening (Fagutvalget for Sivilprosess)* meiner at ein unntaksregel som skissert i høyringsnotatet er for snever. I høyringsinnspillet frå dommarforeininga blir det sagt:

«Grunnvilkåret («I den utstrekning personen med verge ikke er i stand til å forstå hva et samtykke innebærer») overser helt hensynet til sakens opplysning, og dermed hensynet til partene i tvisten. En regel som i tvisteloven § 22-10 annet punktum vil være vesentlig bedre; at retten «etter en avveining» kan beslutte at beviset kan føres. I dette ligger også at retten kan ta stilling til hvordan beviset kan føres. Ved denne avveiningen kan retten vurdere de ulike hensynene opp mot hverandre, først og fremst hensynet til personen som har oppnevnt verge og bevisets betydning for saken. Vekten av de ulike hensynene vil variere i den enkelte sak.

Kommentarene til unntaksregelen gjelder uavhengig av om hovedregelen skal være bevisforbud eller bevisfritak.»

3.4.4 Personen med verje er fråteken den rettslege handleevna

I høyringsnotatet vart det som nemnt reist spørsmål om eit høve til å samtykke til at det blir ført bevis frå eins eiga oppnemnde verje om noko som er omfatta av teieplikta for verja, bør reknast å vere av ein så personleg art at eit verjemål ikkje kan omfatte slik kompetanse, jf. verjemålslova § 21 fjerde ledd. Det vart ikkje teke stilling til dette i høyringsnotatet, men det vart rekna med at

det normalt uansett ikkje vil vere behov for å ta ifrå ein person kompetansen til å avgjere eit slikt spørsmål. *Fylkesmannen i Oslo og Akershus* har innvendingar mot denne forståinga og uttaler:

«Vår oppfatning er at kompetansen til å samtykke til bevisføring fra egen oppnevnte verge om noe som er omfattet av vergens taushetsplikt, normalt ikke vil anses for å være av en særlig personlig art, slik at skranken i vgml. § 21 fjerde ledd kommer til anvendelse. Nevnte bestemmelse oppstiller en begrensning i vergens kompetanse, ved at denne ikke kan omfatte spørsmål som gjelder *særlig personlige forhold* uten særskilt hjemmel i lov. Dette gjelder både ved opprettelse av ordinært vergemål som omfatter personlige forhold og ved fratakelse av rettslig handleevne i personlige forhold, jf. henholdsvis vgml. § 20 og 22 tredje ledd. Kompetansen til å samtykke til bevisføring skiller seg, etter vår oppfatning, klart ut fra de eksemplene som er nevnt i loven, som i all hovedsak knytter seg til en persons helse, frihet og familieliv.

I motsetning til departementet, har ikke Fylkesmannen vanskeligheter med å se at det kan oppstå et behov for å frata en person kompetansen til å avgjøre et spørsmål om bevisføring fra vergen. Både i sivile saker og straffesaker kan manglende bevisføring fra verge i vesentlig grad være egnet for å skade personen under vergemål, slik at vilkårene i vgml. § 22 tredje ledd vil være oppfylt. Av hensyn til personens selvbestemmelsesrett og integritet, er adgangen til å frata personens rettslige handleevne på det personlige området særlig snever og skal benyttes med stor varsomhet. Etter vår oppfatning kan det likevel ikke utelukkes at behovet for beskyttelse må gå foran disse retighetene når det kommer til spørsmål om bevisføring fra oppnevnt verge.»

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon tek derimot til orde for at det ikkje bør vere grunnlag for å ta ifrå ein person rettsleg handleevne i eit slikt spørsmål og at dette bør reknast å vere av ein så personlig art at det omfattast av vergemålsloven § 21 fjerde ledd.

3.4.5 Saker om fråtaking av den rettslege handleevna

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon støttar forslaget i høyringsnotatet og viser til at den einskilde si sjølvråderett må veie tyngst også i

slike tilfelle. *Fylkesmannen i Hedmark* støttar også forslaget i høyringsnotatet og uttaler:

«Fylkesmannen slutter seg ... til de avveininger departementet foretar i forhold til saker om fratakelse av rettslig handleevne. Vi legger til grunn at samtykke fra personen med verge også her bør være avgjørende. Videre legger vi til grunn at beslutningen om bevis skal føres eller ikke føres, er en avgjørelse som skal tillegge domstolen der personen selv ikke er i stand til å samtykke.»

Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Telemark, Fylkesmannen i Vestfold og Statens sivilrettsforvaltning meiner at det er behov for større høve til bevisførsel frå oppnemnde verjer i saker om fråtaking av den rettslege handleevna enn det som er foreslått i høyringsnotatet. *Fylkesmannen i Hordaland* viser til at dette er indispositive saker. Fleire embete viser til at omsynet til opplysning av saka gjer seg særleg gjeldande i desse sakene. Mellom anna uttaler *Fylkesmannen i Oslo og Akershus*:

«Vi mener at en manglende særregulering av bevis fra oppnevnte verger i disse sakene vil innebære en ikke uvesentlig fare for at saken ikke blir tilstrekkelig opplyst, og dermed vil kunne føre til materielt uriktige avgjørelser.»

Fylkesmannsembetet understrekar òg kor viktig det er med tilstrekkeleg opplysning av saker om fråtaking av rettsleg handleevne:

«Fylkesmannen kan på dette området ikke se at de hensyn som ivaretas av taushetsplikten kan få større gjennomslag ved utformingen av bevisforbudsbestemmelsene enn hensynet til å oppnå materielt riktige avgjørelser. Som også departementet påpeker, er nettopp den snevre adgangen til å frata en person sin rettslige handleevne begrunnet i retten til grunnleggende rettigheter som retten til liv, retten til nødvendig helsehjelp og retten til en forsvarlig levestandard. Dersom bevisføring fra oppnevnt verge skal kunne avskjæres fordi personen ikke samtykker til at beviset føres, vil dette altså kunne hindre personen i å motta disse rettighetene gjennom det vernet en fratakelse av rettshandelsevnen er ment å gi.»

Fylkesmannen i Rogaland uttaler:

«Vi mener hensynet til opplysning av saken, noen ganger bør være avgjørende. Vergen vil her kunne spille en sentral og noen ganger avgjørende rolle. Person med verge er allerede ivaretatt igjennom at det stilles strenge materielle krav for fratakelse av rettslig handleevne. I tillegg går disse sakene normalt for lukkede dører slik at opplysningene tilflyter en begrenset krets av personer. Vergens vitnemål bør ikke gå lenger enn hva som er nødvendig for å belyse saken.»

Kor viktig det er med opplysningar frå verja, blir understreka av fleire høyringsinstansar. *Fylkesmannen i Vestfold* uttaler om dette:

«Vergens opplysninger anses å være den klart viktigste beviskilden i disse sakene. Fylkesmannen har adgang til selv å innhente opplysninger fra helsepersonell, ansatte i sosialtjenesten og barnevernstjenesten, men det vil i de fleste sakene være utilstrekkelig. Fylkesmannen har ofte behov for detaljert informasjon om person med verges økonomi, noe som kun vergen (eventuelt personen selv) har fullt innsyn i. Fratakelse av rettslig handleevne baserer seg på en nåtidsvurdering, og det er viktig at retten får tilgang til oppdaterte og detaljerte opplysninger om hvordan sykdommen påvirker de økonomiske disposisjonene. Svært ofte er det stor forskjell mellom vergen og person med verges oppfatning, og sistnevnte mangler i mange tilfeller innsikt i eget sykdomsbilde og økonomi.

I noen tilfeller vil pårørende også kunne belyse saken. Fylkesmannen har imidlertid vært tilbakeholden med å innkalle pårørende som vitner, da dette ofte vil kunne medføre konflikter innad i familien. Person med verge bør kunne forholde seg til pårørende som omsorgspersoner, og det vil i mange tilfeller være ødeleggende for tillit og relasjon dersom disse vitner på en måte som fremstår negativt i person med verges øyne.»

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane peiker på kor viktig det er å sikre eit riktig resultat for personen med verje:

«Vi er samde i at sjølvråderetten er ei bærebjelke i verjemålslovgivinga, og at den enkeltes sjølvråderett skal takast omsyn til, jf. verjemålslova § 33. Vi meiner likevel at det er heilt sen-

tralt å sikre eit rett resultat på vegner av personen med verje. I mange tilfelle i vår sakshandsaming ser vi at verja har viktige opplysningar som er nødvendige for oss å få for å sikre eit rett resultat for å ta i vare interessene til personen med verje på ein god måte. Det same vil gjelde for rettens behandling av saker etter verjemålslova.»

Fylkesmannen i Rogaland peiker på dei andre reglane i verjemålslova om fråtaking av rettsleg handleevne:

«Person med verge er allerede ivaretatt igjennom at det stilles strenge materielle krav for fratakelse av rettsleg handleevne. I tillegg går disse sakene normalt for lukkede dører slik at opplysningene tilflyter en begrenset krets av personer. Vergens vitnemål bør ikke gå lenger enn hva som er nødvendig for å belyse saken.»

Fylkesmannen i Telemark viser i tillegg til at opplysningar frå verja kan vere viktige når behovet for fråtaking skal vurderast opp mot det «minste middels prinsipp»:

«Når det opprettes et vergemål er det alltid «minste middels prinsipp» som skal gjelde. Det betyr at det ikke skal opprettes et vergemål med fratakelse av rettsleg handleevne før man har prøvet ut et vanlig vergemål om dette er mulig. Det er verge som følger saken i det daglige og har kontakt med den han er verge for og har innsyn i økonomi og andre rettslige forhold, alt etter hva mandatet er.»

Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Telemark viser til at fråtaking av rettsleg handleevne ikkje krev samtykke frå personen det gjeld. Slik desse embeta ser det, bør da heller ikkje personens samtykke til føring av bevis i saka vere avgjerande.

Fleire høyringsinstansar peiker på opplysningsplikta til verja overfor fylkesmannen. *Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane* tek til orde for at verja bør reknast å ha tilsvarende opplysningsplikt overfor retten i saker om fråtaking av rettsleg handleevne. *Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Telemark og Statens sivilrettsforvaltning* viser til orskurd frå Frostating lagmannsrett 10. desember 2015, der lagmannsretten la til grunn at opplysningsplikta etter lova måtte innebære at også retten får tilgang til dei nødvendige opplysningane frå verja om forhold som har noko å seie for saka,

som verja er vorten kjend med i eigenskap av å vere verje. *Fylkesmannen i Rogaland og Statens sivilrettsforvaltning* framhevar at prinsippet om umiddelbar bevisføring kan tale for at verja bør kunne gi forklaring for retten når verja har opplysningsplikt overfor fylkesmannen. Statens sivilrettsforvaltning formulerer dette slik:

«Det følger av vergemålsloven § 47 første ledd at vergen plikter å gi de opplysninger om vergemålet som fylkesmannen ber om. Gjennom fylkesmannens forklaring vil retten dermed kunne få en viss tilgang til nødvendige opplysninger om saken som vergen har formidlet til fylkesmannen. Etter vårt syn vil det i større grad være mulig å vurdere slike opplysninger dersom retten kan tillate vergen selv å avgi vitneforklaring uten hinder av taushetsplikten. Det er nærliggende at vergen i større grad enn fylkesmannen vil kunne redegjøre for opplysninger vedkommende selv har gitt og besvare spørsmål i den forbindelse. Etter vår oppfatning vil en verges vitneforklaring også i større grad være i overensstemmelse med prinsippet om bevisumiddelbarhet for retten.»

Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Rogaland og Fylkesmannen i Telemark peiker samtidig på at verja, slik som fylkesmannen, er gitt kompetanse til å reise sak om fråtaking av rettsleg handleevne, jf. verjemålslova § 69. I høyringsfråsegna frå *Fylkesmannen i Telemark* er dette formulert slik:

«Selv om verge har denne selvstendige myndigheten, vil det være nærliggende for verge å be Fylkesmannen begjære dette utfra den kompetansen Fylkesmannen besitter.

Det gir liten mening og sammenheng i lovverket at verge har kompetanse til å fremme sak om fratakelse av rettsleg handleevne ved stevning til tingretten, men samtidig skal ha taushetsplikt overfor retten. Om verge er gitt slik begjæringskompetanse, må verge nødvendigvis grunngi sine bevis og komme med uttalelse i saken. Det kan etter Fylkesmannens oppfatning ikke være slik at en verge, dersom verge fremmer en sak om fratakelse, kan gi opplysninger, mens dersom en annen, for eksempel Fylkesmannen fremmer en slik sak, så er verge undergitt taushetsplikt med tanke på uttalelse og vitneplikt i retten. ...

Om Fylkesmannen skal fremme sak, vil vi alltid innhente en uttalelse fra verge på forhånd, nettopp for å danne oss en oppfatning av

om vilkårene for fratakelse er oppfylt og om fratakelsessak bør fremmes av oss. Det vil nærmest være umulig for Fylkesmannen å fremme slike saker, dersom vi ikke kan bygge på verges opplysninger og føre verge som vitne. For at vi skal kunne vurdere om vilkårene er tilstede for å fremme en slik sak, må vi jo kunne legge vekt på vergens uttalelser. I de tilfeller hvor det er en verge inne i bildet, vil det jo nettopp være verge som underretter Fylkesmannen om behovet for fratakelse, siden vergen har førstehåndskjennskap til behovet.»

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Telemark tek til orde for at opplysningar frå ei verje bør behandlast på same måte som opplysningar til yrkesgruppe som er nemnde i verjemålslova § 71. *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane* uttaler:

«Overfor gruppa med sårbare personar som ofte er aktivt verjetrengande, må det etter vårt syn vere harmonisering av reglane om bevisføring for retten. Vi kan ikkje sjå at det er grunn til at det vert differensiert i reglane mellom kven som kan gi opplysningar til retten, jf. verjemålslova § 71 femte ledd, og oppnemnt verje. Vi meiner at tillitstilhøve mellom desse må reknast som likt. Dersom føring av bevis frå verje skulle medføre eit brot på tilliten mellom den verjetrengande og verja, kan byte av verje vurderast. Det synes derfor ikkje hensiktsmessig at verja skal vere bunden av teieplikta i desse sakene.»

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Statens sivilrettsforvaltning peiker på at det bør gjelde same avgrensingar for bevis frå oppnemnde verjer som for helsepersonell mv. etter § 71. *Statens sivilrettsforvaltning* uttaler:

«En forutsetning for at retten skal gis adgang til å tillate bevisførsel i saker om fratakelse av rettslig handleevne bør imidlertid være at fratakiet fra taushetsplikten tydelig begrenses til opplysninger som er nødvendige for sakens opplysning. I rettens vurdering bør det også tas hensyn til følgene for partene av at bevis føres.»

3.5 Departementet si vurdering

3.5.1 Hovudregel om bevisforbod

Innspela frå høyringsinstansane underbyggjer behovet for ei avklaring av spørsmålet om høvet til bevisførsel frå oppnemnde verjer om forhold som er omfatta av teieplikta etter verjemålslova.

Departementet går inn for ein hovudregel om bevisforbod i tråd med forslaget i høyringsnotatet. Ein viser til forslaget til ny § 22-3 a første ledd i tvistelova og ny § 118 b første ledd i straffeprosesslova.

Som nærmare omtalt nedanfor inneber forslaget at bevisforbodet fell bort dersom den som har krav på hemmelegghald, samtykkjer. Departementet har vurdert om retten bør givast ein snever heimel til å gjere unntak frå bevisforbodet etter ei avveging av omsynet til teieplikta og omsynet til opplysning av saka, men foreslår ikkje ein slik heimel.

Som eit utgangspunkt ser departementet det som klart at det kan vere opplysningar som er teiepliktige etter verjemålslova, og som ikkje er omfatta av gjeldande reglar om bevisforbod og bevisfritak, men som ein person med verje like fullt vil kunne ønskje at ikkje kjem fram. Til dømes kan disposisjonar verja skal gjere på vegner av personen med verje, involvere sensitive opplysningar av ulik art. Verja kan òg bli kjend med forhold om helsetilstanden til personen som blir opplevde som ei belastning for den det gjeld. «Personlige forhold» i verjemålslova § 46 skal elles forståast på same måte som det same omgrepet i forvaltningslova § 13 første ledd nr. 1, jf. Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) side 199.

Slik departementet ser det, er spørsmålet om bevisavgrensingar for oppnemnde verjer prinsipielt. Bør ein som verjetrengande kunne ha tillit til at opplysningar verja blir kjend med gjennom verjeoppdraget, ikkje blir gjorde kjende for andre – eller må omsynet til eit fortruleg forhold til verja vike for andre omsyn i saker for domstolane?

Departementet ser at ein hovudregel om bevisforbod for oppnemnde verjer vil kunne føre til at ein blir hindra frå å føre bevis frå verja som kan ha betydning for opplysninga av saka. I straffesaker veg omsynet til den materielle sanninga særleg tungt. Særreglar om bevis frå oppnemnde verjer kan òg gjere behandlinga og bevisspørsmåla i saker der personar med verje er involverte, noko meir kompliserte. Som *Den norske Dommerforening* og *Agder lagmannsrett* meiner departementet at slike omsyn må vege tungt også når det gjeld spørsmålet om bevisføring frå oppnemnde verjer.

Samtidig er det situasjonar der andre omsyn kan vege tyngre enn informasjonsverdien ved det aktuelle beviset og sanningsprinsippet som ligg bak målet om materielt riktige avgjerder. Verjemålslovgivinga reflekterer eit behov for eit særleg lovvern til dei som i liten grad kan verne seg sjølve. Verjemålet skal sikre personar som treng det, støtte og bistand til å utøve rettsleg handleevne. Det å leggje til rette for at ein person som har fått oppnemnt verje, kan ha eit tillitsfullt og fortruleg forhold til verja, er etter departementet si oppfatning ein viktig føresetnad for at verjemålsordninga kan fungere etter formålet.

Utfordringa for lovgivarane er å finne eit godt balansepunkt mellom dei motstridande omsyna. I spørsmålet som blir vurdert i proposisjonen her, vurderer departementet det slik at omsynet til personen med verje og ei fungerande verjemålsordning bør tilleggjast størst vekt. Alle fylkesmannsembeta som har uttalt seg om forslaget, støttar ein hovudregel om bevisforbod. Skyldnadene som Noreg har etter FN-konvensjonen om rettar for menneske med nedsett funksjonsevne, talar òg for ei vektlegging av omsynet til at verja kan oppfylle bistands- og støttefunksjonen sin på ein god måte.

Ei samanlikning med dei gjeldande bevisforboda og bevisfritaka kan òg tale for eit bevisforbod for oppnemnde verjer. Som det er vist til i høyringa, vil ein person med verje stå fritt til å kontakte yrkesgrupper som er omfatta av tvistelova § 22-5 første ledd og straffeprosesslova § 119, og da nyte godt av «bevisforbodsvernet» desse yrkesgruppene har, på same måte som andre. *Fylkesmannen i Oslo og Akershus* har samtidig peikt på at verja tidvis kan hjelpe personen med saker som ein elles ville ha nytta ein advokat til. Departementet reknar vidare med at opplysningar ei verje blir kjend med gjennom oppdraget, etter omstenda kan vere av same art som opplysningar som blir gitt i fortrulegheit til dømes til ein advokat, lege, psykolog eller sjukepleiar. For ein person med aldersdemens kan til dømes informasjon om symptom og sjukdomsutvikling hjelpe verja i vurderinga av kva slags saker personen greier å ta stilling til på eiga hand, og i kva slags saker det er behov for tilpassa informasjon og støtte. Ei open haldning frå ein person med ei psykisk liding kan setje verja betre i stand til å forstå kva personen faktisk ønskjer og vil. Omsynet til vern av personen tilseier at slike opplysningar bør vere omfatta av eit bevisforbod også når dei er gjorde kjende for verja.

Departementet viser òg til vernet i tvistelova og straffeprosesslova om fortrulegheita i relasjonen mellom parten og dei som står vedkomande

nær. Verja si rolle som representant for personen sjølv kan tilseie at det i enda større grad er grunn til bevisavgrensingar for oppnemnde verjer.

Ein understrekar elles at forslaget om eit bevisforbod berre vil gjelde for opplysningar som krenkjer teieplikta for verja etter verjemålslova § 46. Dersom personen med verje samtykkjer til at opplysningar blir gjorde kjende for andre, kan ikkje verja nekte å leggje fram beviset, jf. verjemålslova § 46 tredje ledd og forvaltningslova § 13 a. Spørsmålet om bevisforbod kjem dermed først på spissen der personen ikkje ønskjer at det blir ført bevis. Har vitneførsel frå verja først og fremst noko å seie for tredjepersonar, må ein rekne med at personen normalt vil samtykkje til bevisførsel. I situasjonar der vedkomande vurderer å ikkje samtykkje, og verja eller andre meiner at dette vil vere uheldig, bør innvendingane formidlast til personen slik at han eller ho – eventuelt med bistand og støtte – kan ta dei med i vurderinga. Sjå òg punkt 3.5.2 til 3.5.4 nedanfor.

Forslaget om eit bevisforbod inneber at departementet ikkje følgjer opp innspela frå *Den norske Dommerforening* og *Agder lagmannsrett* om ein regel om bevisfritak. Ved eit bevisfritak som skisert av desse høyringsinstansane vil det vere verja som kan nekte å forklare seg eller leggje fram bevis som er omfatta av teieplikta. Etter departementet si oppfatning talar omsynet til sjølvråderett for personar med verje med styrke for at dette spørsmålet så langt som mogleg bør avgjerast av vedkomande sjølv. Det er han eller ho som har krav på taushet, og som er nærmast til å oppleve dei aktuelle opplysningane som sensitive.

Forslaget om eit bevisforbod vil ikkje avgrense det høvet verja har til å representere personen i ei sivil sak, jf. tvistelova §§ 2-3 og 2-4, eller oppgåvene til verja i den samanhengen. Departementet kan da ikkje sjå at eit bevisforbod for oppnemnde verjer vil bryte med rolla til verja som representant etter tvistelova, slik *Agder lagmannsrett* reiser spørsmål om. Representanten skal ta vare på dei rettar og plikter parten har i saka. Forklaringa til verja som representant for vedkomande person har ikkje nødvendigvis det same omfanget som forklaringa til verja som vitne.

Spørsmål om vitneførsel frå den oppnemnde verja kan uansett kome opp ikkje berre i saker der personen har representant, men òg i saker der personen er prosessdyktig. For det første vil ein person som ikkje er fråteken rettsleg handleevne på det området ei konkret sak gjeld, vere prosessdyktig, med mindre vedkomande på grunn av den psykiske helsetilstanden sin ikkje er i stand til å ta

vare på sine egne interesser under saka, jf. tvistelova § 2-2 tredje og fjerde ledd. Ein part kan med andre ord vere i stand til å ta vare på sine egne interesser under saka sjølv om vedkomande har fått oppnemnt verje, jf. òg Backer: *Norsk sivilprosess*, 2015, side 131. For det andre kan spørsmålet om vitneførsel frå ei verje kome opp i ei sak der parten har hatt verje tidlegare, men der verjemålet er oppheva eller endra. Det kan òg vere at verja det er spørsmål om vitneførsel frå, er ei anna enn den verja som er representant i saka.

Er verja det er spørsmål om vitneførsel frå, også representant i saka, må verja vurdere kva som fell inn under forklaringsplikta som representant, og kva som er omfatta av teieplikta etter verjemålslova § 46 og dermed òg bevisforbodet etter forslaget til ny § 22-3 a i tvistelova. Departementet reknar med at det normalt vil vere mogleg å handtere dette. Skulle det likevel vere vanskeleg å ta stilling til forholdet mellom forklaringsplikta som representant og bevisforbodet i ei konkret sak, vil det vere mogleg å oppnemne ei mellombels verje som representant.

I straffesaker skal forslaget ikkje avgrense det høvet ei verje har til å utøve partsrettar etter straffeprosesslova, jf. særleg §§ 83, 84 og 93 g, eller oppgåvene til verja i den samanhengen.

Departementet foreslår i samsvar med forslaget i høyringsnotatet at bevisforbodet i straffesaker vil falle bort når forklaringa trengst for å førebyggje at nokon uskuldig blir straffa.

3.5.2 Samtykke frå ein mindreårig person med verje

I samsvar med høyringsnotatet blir det ikkje foreslått noka særregulering av den retten den mindreårige har til sjølv å samtykke til vitneførsel frå ei oppnemnd verje. Til merknadene frå *Fylkesmannen i Oslo og Akershus* vil departementet peike på at spørsmål om samtykke frå mindreårige òg kan vere aktuelt etter andre reglar om bevisforbod og bevisfritak. Departementet kan ikkje sjå at rettens vurderingar knytte til samtykke frå mindreårige til bevis frå ei oppnemnd verje reiser særlege spørsmål samanlikna med samtykke frå mindreårige til vitneførsel frå til dømes ein advokat eller ein prest.

Der den som har foreldreansvaret, må samtykke, og verja tek avgjerder som tilkjem den som har foreldreansvaret etter verjemålslova § 17 andre ledd, blir retten gitt kompetanse til å bestemme om beviset kan førast.

3.5.3 Personen med verje er ute av stand til å samtykke

Departementet foreslår at retten får høve til å bestemme om beviset frå verja kan førast i den grad personen med verje «ikke er i stand til å forstå hva et samtykke innebærer». Dette er i samsvar med forslaget i høyringsnotatet, jf. punkt 3.3.3. Forslaget går fram av ny § 22-3 a andre ledd første punktum i tvistelova og ny § 118 b andre ledd første punktum i straffeprosesslova.

Ein person med verje som ikkje er i stand til å samtykke til vitneførsel, bør få hjelp og støtte til å bestemme om det skal givast samtykke. Når det gjeld rettens vurdering av om personen med verje «er i stand til å forstå hva et samtykke innebærer», viser ein til omtalen av dette spørsmålet i punkt 3.3.3. Kriteriet «forstå» må ikkje tolkast strengt. Dersom ein med bakgrunn i den medisinske tilstanden og omstenda elles må rekne med at personen er i stand til å forstå kva det konkrete samtykket til bevisførselen inneber, ligg avgjerda aleine til han eller henne.

Etter departementet si oppfatning bør retten stå friare i si vurdering av om personen er i stand til å forstå kva det aktuelle samtykket inneber, enn *Fylkesmannen i Hedmark* og *Fylkesmannen i Oslo og Akershus* tek til orde for i høyringsfråsegnene sine. For retten kan spørsmålet kome opp i svært ulike saker. Det kan til dømes variere om personen sjølv er til stades i retten, i kva grad bevisføringa i saka elles allereie har gitt retten eit grunnlag for vurderinga, og i kva grad spørsmålet verkar uklart. Er det tvil om personen er i stand til å forstå kva eit samtykke til bevisførsel inneber, kan det vere aktuelt å be om ei legeerklæring. Dette bør det vere opp til retten å vurdere.

Fylkesmannen i Oslo og Akershus synest å forstå forslaget slik at retten berre skal ta stilling til om beviset skal førast der det «er slått fast at personen med verje ikke er i stand til å avgi et gyldig samtykke». Det er ikkje slik forslaget er meint. Spørsmålet om personen ikkje er i stand til å forstå kva eit samtykke til bevisførsel inneber, knytter seg til det konkrete samtykket til bevisførsel i den aktuelle saka. Kjem det opp eit spørsmål om bevisførsel frå ei oppnemnd verje om forhold som er omfatta av teieplikta, og det blir reist spørsmål om personen verja er oppnemnd for, er i stand til å forstå kva eit samtykke inneber, må retten gjere ei konkret vurdering av dette. Eventuelle tidlegare vurderingar av samtykkekompetansen til personen, til dømes i samband med at verjemålet vart oppretta, skal ikkje vere avgjerande for vurderinga i retten. Omsynet til sjølvrådet talar med

styrke for at den einskilde sjølv, så langt som mogleg, skal få avgjere om samtykke skal givast.

Når det gjeld rettens vurdering av om det skal tillatast at beviset blir ført, viser ein til omtalen av spørsmålet i punkt 3.3.3. Omsynet til at hovudpersonen bør ha rett til å bestemme sjølv, bør vere det sentrale ved vurderinga.

Innspele frå *Den norske Dommerforening* og *Agder lagmannsrett* om at retten bør givast høve til å vedta at beviset kanførast, er behandla i punkt 3.5.1.

3.5.4 Personen med verje er fråteken den rettslege handleevna

I lovforslaget er det, som i høyringsnotatet, ikkje gitt noka særskild regulering av saker der personen med verje er fråteken den rettslege handleevna. Ein viser til omtalen av spørsmålet i punkt 3.3.4. Departementet har merka seg innspele frå *Fylkesmannen i Oslo og Akershus*, men legg samtidig vekt på at ingen andre høyringsinstansar har gitt uttrykk for tilsvarende innvendingar.

3.5.5 Saker om fråtaking av den rettslege handleevna

Departementet har merka seg at både *Statens sivilrettsforvaltning* og fleire fylkesmannsembete meiner at det er behov for større høve til bevisførsel frå oppnemnde verjer i saker om fråtaking av rettsleg handleevne. Fråsegnene stadfestar at omsynet til opplysning av saka kan gjere seg særleg gjeldande i slike saker, og at opplysningar frå verja kan vere viktige og somme gonger avgjerande. Mellom anna kan opplysningar frå verja vere sentrale for vurderinga av om det er nødvendig med fråtaking av rettsleg handleevne, jf. «det minste middels prinsipp». Informasjon frå verja om verjemålet og korleis verjeoppdraget har vore handtert, kan vere viktig for vurderinga av om andre og mindre inngripande tiltak enn fråtaking kan vere aktuelt. Innspele frå fleire fylkesmannsembete stadfestar òg at opplysningar frå verja kan vere sentrale i fylkesmannen si vurdering av om fylkesmannen skal bringe sak om fråtaking av rettsleg handleevne inn for retten. Tilstrekkeleg opplysning av saka vil vere viktig ikkje berre for å sikre fråtaking der vilkåra er oppfylte, men òg for å hindre fråtaking i saker der vilkåra ikkje er til stades.

Samtidig gjer omsynet til tillit og eit fortruleg forhold seg særleg gjeldande i desse sakene. Forslaget om eit generelt bevisforbod har fått støtte frå fleire fylkesmannsembete i høyringa, nettopp

med tilvising til kor viktig det er med eit tillitsfullt og fortruleg forhold.

Ein er her på eit område der omsynet til rettstrygggleiken for individet dreg i ulike retningar, og der avveginga er utfordrande. Som peikt på i høyringsnotatet reflekterer den snevre retten verjemålslova gir til å ta ifrå nokon den rettslege handleevna, at ein i nokre situasjonar reknar det som nødvendig å balansere sjølvrådet mot andre grunnleggjande rettar. Er opplysningar frå verja svært viktige for vurderinga av vilkåra for fråtaking av rettsleg handleevne, kan omsynet til vern av personen det gjeld, og omsynet til eit tillitsfullt og fortruleg forhold mellom personen og verja dra i ulike retningar.

Departementet går inn for ei løysing der det gjeld same avgrensingar for føring av bevis frå ei oppnemnd verje i saker om fråtaking av rettsleg handleevne som i andre saker. Som fleire høyringsinstansar peiker på, vik teieplikta for verja mellom anna for opplysningsplikta overfor fylkesmannen, jf. verjemålslova § 46 tredje ledd og § 47 andre ledd. Opplysningsplikta til verja er sentral mellom anna for fylkesmannens tilsyn med verja og vurdering av om det er behov for endring av verjemålet. Fylkesmannens høve til å reise sak om verjemål med fråtaking av rettsleg handleevne sikrar at retten, gjennom fylkesmannen, vil kunne få ein viss tilgang til opplysningar som verja har formidla til fylkesmannen på grunnlag av opplysningsplikta, jf. verjemålslova § 69 første ledd. Sjølv om omsynet til umiddelbar bevisføring taler for at verja sjølv bør kunne forklare seg om slike forhold, antar departementet at omsynet til verja si rolle overfor personen saka gjeld, må vege tyngre.

Etter gjeldande lov har verja høve til sjølv å reise sak om verjemål med fråtaking av rettsleg handleevne, jf. verjemålslova § 69 første ledd, jf. § 56 første ledd bokstav c. Departementet foreslår at føreseigna blir endra slik at verja ikkje lenger har slik kompetanse. Meiner verja at det er behov for verjemål med fråtaking av den rettslege handleevna, kan verja ta dette opp med fylkesmannen. Ei slik løysing samsvarar etter departementet si oppfatning betre med rolla til verja. Departementet antar at opplysningsplikta verja har overfor fylkesmannen, og høvet fylkesmannen har til å reise sak, samla vil medverke til tilstrekkeleg opplysning av saka.

Det blir ikkje foreslått noka endring av retten verja har til å be om verjemål utan fråtaking av den rettslege handleevna, jf. verjemålslova § 56 første ledd. Det frivillige aspektet ved slike verjemål, og at oppmodinga rettast til fylkesmannen, gjer at dette spørsmålet stiller seg annleis enn oppmo-

ding om verjemål med fråtaking av den rettslege handleevna.

I orskurd frå Frostating lagmannsrett 10. desember 2015 er det lagt til grunn at opplysningsplikta verja har etter lova, må innebere at også retten får tilgang til dei nødvendige opplysningane frå verja om forhold som har noko å seie for saka, som verja er vorten kjend med i eigenskap av å vere verje. Forslaget i proposisjo-

nen her inneber at opplysningsplikta verja har overfor fylkesmannen, ikkje gjeld overfor retten. For å tydeleggjere dette blir det foreslått ei mindre presisering i verjemålslova § 47 første ledd.

Det vil vere viktig at personen med verje får tilpassa informasjon og hjelp til å vurdere spørsmålet om bevisførsel frå verja der vedkomande har behov for det.

4 Teieplikta for oppnemnde verjer og verjemålsstyresmakta

4.1 Unntak frå teieplikta

4.1.1 Gjeldande rett

Etter verjemålslova § 46 andre ledd gjeld det visse unntak frå teieplikta for *den oppnemnde verja*. Andre ledd lyder slik:

«Opplysningen om at en person er satt under vergemål, er ikke underlagt taushetsplikt. Det samme gjelder opplysningen om at vedkommende er oppnevnt som verge, og opplysninger om rammene for vergeoppdraget.»

Om grunngivinga for unntaka heiter det i Ot.prp. nr. 118 (2008–2009) på side 199:

«Unntakene er begrunnet i hensynet til at vergen skal kunne gjennomføre sine oppgaver på en praktisk og hensiktsmessig måte, og at dette gjelder opplysninger som tredjepersoner vil ha behov for å bli gjort oppmerksom på. Å gi opplysningene vil videre være med på å sikre tilliten til vergen som verge og gi kunnskap om omfanget av vergens oppdrag.»

Ordlyden i § 46 andre ledd første punktum viser til opplysninga om at ein person er «satt under vergemål». Av verjemålslova § 2 andre ledd går det fram at med «personer som er satt under vergemål, menes personer som det er vedtatt vergemål for etter kapittel 4». Det har vore stilt spørsmål ved om dette inneber at unntaket frå teieplikta for oppnemnde verjer etter verjemålslova § 46 andre ledd berre gjeld for oppnemnde verjer for vaksne.

For verksemda til *verjemålsstyresmakta* gjeld forvaltningslova om ikkje noko anna følgjer av verjemålslova, jf. verjemålslova § 55 tredje ledd. Dette inneber mellom anna at reglane i forvaltningslova om teieplikt gjeld for verjemålsstyresmakta. Teieplikt kan òg følgje av andre føresegner.

I verjemålslova § 65 er det særskilt regulert at opplysninga «om at en person er satt under vergemål», ikkje er omfatta av teieplikt. Om føresegna heiter det i Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) på side 207 og 208:

«Opplysningen om at en person er satt under vergemål, vil normalt kunne oppfattes som omfattet av taushetsplikten. Som utvalget ser derfor departementet behov for å lovfeste at denne opplysningen ikke er underlagt taushetsplikt, se side 287 i utredningen. Å gjøre det kjent at det er oppnevnt verge for personen, kan være nødvendig for å gi personen tilstrekkelig vern. Det kan også være nødvendig for å sikre at vergen kan utføre sitt oppdrag på en god måte. Hensynet til mulige medkontrahtenter taler også for en slik regel.»

Som i verjemålslova § 46 viser ordlyden i § 65 til opplysninga om at ein person er «satt under vergemål». Det reiser seg òg for denne føresegna spørsmål om dette inneber at unntaket berre gjeld ved verjemål for vaksne, jf. verjemålslova § 2 andre ledd.

4.1.2 Høyringsnotatet 19. oktober 2016

I høyringsnotatet foreslo departementet at unntaka frå teieplikta bør gjelde alle *oppnemnde verjer*, og ikkje berre oppnemnde verjer for vaksne. Det vart uttalt:

«Unntakene fra taushetsplikten har blant annet bakgrunn i at vergen kan ha behov for å gjøre tredjepersoner kjent med visse opplysninger for å kunne gjennomføre oppgavene sine på en praktisk og hensiktsmessig måte. Dette hensynet antas å gjøre seg gjeldende både for vaksne og mindreårige med oppnevnte verger – om enn i noe ulik grad. For å kunne inngå avtale om konto i en mindreårigs navn vil for eksempel vergen ha behov for å opplyse banken om at han eller hun er oppnevnt som verge for den mindreårige. Dette tilsier at unntakene fra taushetsplikten bør gjelde alle oppnevnte verger, og ikke bare oppnevnte verger for vaksne.»

Samtidig foreslo departementet å formulere unntaka frå teieplikta for verja noko snevrare i lys av omsyna som ligg til grunn for unntaket. Om dette går det fram av høyringsnotatet:

«Det kan samtidig være grunn til å vurdere en noe justert ordlyd når det gjelder omfanget av unntaket. En tredjepart vil ikke nødvendigvis ha et beskyttelsesverdig behov for å få slike opplysninger som er omfattet av unntaket. Opplysning om at det er oppnevnt verge for en person, kan oppfattes som sensitivt. For eksempel vil man ut fra en opplysning om at det er oppnevnt verge for en mindreårig kunne utlede sensitiv informasjon om den mindreåriges familiesituasjon. Dette tilsier at unntakene fra vergens taushetsplikt ikke bør gå lenger enn det hensynene som begrunner unntaket, tilsier. I punkt 6 foreslås det på denne bakgrunn å justere ordlyden i § 46 slik at unntaket gjøres noe snevrere.

Hensynet til et klart regelverk som er lett å praktisere, kan tilsi en mest mulig spesifikk utforming av unntaket. På den annen side vil det da være vanskelig å utforme bestemmelsen slik at den tar tilstrekkelig høyde for alle situasjoner som kan oppstå. I lys av dette foreslås en ordlyd hvor det fremgår at unntakene fra taushetsplikten kun gjelder der det er nødvendig av hensyn til personen selv eller for at vergen skal kunne gjennomføre sine oppgaver på en god måte. Med en slik ordlyd vil vurderingen nødvendigvis være skjønnsmessig, og det bør aksepteres en viss skjønnsmargin. Særlig gjelder dette dersom brudd på taushetsplikten skal kunne straffesanksjoneres, se punkt 3.3.»

Også for tieplikta for *verjemålsstyresmakta* vart unntaka foreslått å gjelde ikkje berre for vaksne, men òg for mindreårige med oppnemnde verjer. I høyringsnotatet vart det uttalt:

«Som det fremgår av sitatet fra Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) ovenfor, er unntaket fra vergemålsmyndighetens taushetsplikt blant annet begrunnet i at det å gjøre det kjent at det er oppnevnt verge for en person, kan være nødvendig for å gi personen tilstrekkelig vern. Det kan også være nødvendig for å sikre at vergen kan utføre sitt oppdrag på en god måte.

Også her antas de nevnte hensynene å gjøre seg gjeldende både der det er oppnevnt verge for en voksen, og der det er oppnevnt verge for en mindreårig – om enn i ulik grad. Det synes derfor å være behov for unntak ikke bare for vaksne, men også for mindreårige med oppnevnte verger. Dette tilsier en tydeliggjøring av vergemålsloven § 65.»

Vidare vart dei same omsyna rekna å gjere seg gjeldande når det gjeld omfanget av unntaksføregna i § 65, som når det gjeld verjemålslova § 46 andre ledd. Departementet foreslo derfor eit noko meir avgrensa unntak i tråd med det som er foreslått i § 46 andre ledd.

4.1.3 Høyringsinstansane sitt syn

Fylkesmannen i Hedmark, Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Telemark, Statens sivilrettsforvaltning, Jussformidlingen, Norsk Journalistlag, Norsk Presseforbund og Norsk Redaktørforening har uttalt seg om eitt av eller begge forslaga om endringar i verjemålslova §§ 46 og 65.

Ingen høyringsinstansar har innvendingar mot forslaget om at unntaka frå tieplikta for oppnemnde verjer etter verjemålslova § 46 bør gjelde alle oppnemnde verjer og ikkje berre oppnemnde verjer for vaksne. Mellom anna uttaler *Statens sivilrettsforvaltning*:

«I likhet med departementet anser vi at også verger for mindreårige kan ha behov for å gjøre tredjepersoner kjent med visse opplysninger for å kunne gjennomføre oppgavene sine på en praktisk og hensiktsmessig måte.»

Forslaget om å gjere unntaket frå tieplikta for oppnemnde verjer noko snevrare blir støtta av *Fylkesmannen i Hedmark, Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Telemark, Fylkesmannen i Vestfold, Statens sivilrettsforvaltning og Jussformidlingen. Fylkesmannen i Hordaland* peiker på at det «er i den verjetrengande si interesse at ein stramar inn høvet til å gie opplysingar, og at ein krev at det skal vere naudsynt». *Fylkesmannen i Oslo og Akershus* uttaler:

«Selv om unntaket ikke utformes spesifikt og vil fordre vergens skjønnsmessige vurdering, mener vi det er nødvendig å begrense tredjeparts behov for å bli kjent med de taushetsbelagte opplysningene til det som er av betydning for vergens utførelse av oppgaven.»

Fylkesmannen i Hedmark meiner at det i forlenginga av den foreslåtte endringa bør gjerast tydeleg korleis fylkesmennene bør utforme verjefullmakta, slik at omsynet bak regelen blir teke vare på. Det blir stilt spørsmål om det kanskje bør utferdast fleire verjefullmakter som gjeld éin og

same person, slik at fullmaktene er meir retta mot bestemte tredjepersonar.

Forslaget om å gjere unntaket frå teieplikta noko snevrare for verjemålsstyresmakta blir støtta av *Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Vestfold, Statens sivilrettsforvaltning og Jussformidlingen. Fylkesmannen i Møre og Romsdal* tek til orde for ei ytterlegare endring av unntaka og uttaler:

«Verjemålslova § 65 syner til at fylkesmannen si teieplikt ikkje gjeld opplysningar om at ein person er «satt under vergemål». Verje kan uttale seg om sitt mandat samt kven han er verje for etter verjemålslova § 46. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det skal vere grunn for å gjere forskjell på teieplikta til verjen og verjemålsmynde i så tilfelle.»

Helsedirektoratet tek opp spørsmål om behovet helsetenesta har for kunnskap om verjemålet, både med omsyn til teieplikta for oppnemnde verjer og teieplikta for verjemålsstyresmakta. Direktoratet uttaler:

«Personer underlagt vergemål, kan ha regelmessig eller løpende kontakt med helse-tjenesten, for eksempel ved innleggelser i kommunale helse- og omsorgsinstitusjoner eller mer eller mindre hyppige innleggelser i det psykiske helsevernet. Det vil ofte være av betydning for helsetjenestens ytelse av lovpålagte og forsvarlige tjenester til denne pasientgruppen, at tjenesten har kunnskap om vergemålet. Det gjelder også i tilfeller der vergemålet bare gjelder økonomiske forhold. Personene/pasientene dette gjelder vil ofte ha komplekse og sammensatte tjenestebehov som strekker seg ut over det rent medisinskfaglige, og hvor helsetjenesten er pålagt å yte tjenester av ulik art som skal henge sammen med og vil påvirke personens boforhold, økonomi mv. Helsedirektoratet antar at forslaget til endringer i §§ 46 og 65 – gjennom unntaket for opplysninger om vergemålet som «er nødvendig av hensyn til personen selv» – kan sikre helsetjenesten nødvendig kunnskap om eksistensen av vergemål, slik at tjenesten kan ivareta alle sine lovpålagte oppgaver overfor personen på best mulig måte. Av pedagogiske årsaker kunne en imidlertid tenke seg at dette kommer tydeligere til uttrykk i lovteksten, for eksempel ved en tilføyelse som understreket i det følgende: «.... er nødvendig av hensyn til perso-

nen selv, eller for å sikre at vergen kan utføre sitt oppdrag på en god måte eller for at andre skal kunne oppfylle sine lovpålagte oppgaver overfor personen.» (understreka i original)

Norsk Journalistlag, Norsk Presseforbund og Norsk Redaktørforening går i eit felles høyringssvar imot forslaga til noko snevrare unntak i §§ 46 og 65 og meiner at forslaga ikkje er godt nok grunngitt. Det er uttalt i høyringssvaret:

«Det vises [i høyringsnotatet] til at «En tredje-part vil ikke nødvendigvis ha et beskyttelsesverdig behov for å få slike opplysninger som er omfattet av unntaket.» Dette er etter vårt syn å begynne i helt feil ende. Å vurdere hvorvidt de som potensielt måtte ønske innsyn i opplysninger om hvorvidt det er oppnevnt verge for en navngitt person har «et beskyttelsesverdig behov» eller ikke, er selvsagt helt umulig.

I mange deler av offentlig sektor vil man med letthet kunne hevde at ulike innsynskrav ikke bygger på et «beskyttelsesverdig behov». Innsynsrettighetene – og taushetsplikten – er imidlertid ikke bygget opp slik. Utgangspunktet er innsyn, og deretter er spørsmålet hva det er nødvendig å beskytte. Det er altså på forvaltningens hånd det «beskyttelsesverdige behovet» må dokumenteres. Og det er interessene til den private part som skal beskyttes. Deretter skal dette behovet veies opp mot de argumenter som taler for innsyn.

I dette tilfellet nevner departementet i sitt notat at det at det er oppnevnt verge for en person, «kan oppfattes som sensitivt». Det er selvsagt mulig. På den annen side er det et spørsmål om ikke det at det oppnevnes en verge for en person, noe som igjen kan ha betydning for blant annet rettsevnen, er en så sentral opplysning at den på forespørsel må kunne gis – uten at det dokumenteres et særskilt «behov». Vi vil mene det.

Vi minner om at det også på andre områder er slik at opplysninger som i noen sammenhenger vil regnes som personlige eller sensitive, i andre sammenhenger kan utleveres enkeltvis, fordi det er en større samfunnsinteresse som slår inn. Eksempler på dette er ligningstall for personlige skatteyttere etter ligningslovens § 8-8, fødselsnummer (som kan unntas etter offentleglova, men som etter folkeregisterloven må utleveres blant annet til journalister, jfr. Skattedirektoratets rundskriv nr. 5, 2015 – 2. september 2015) og

visse typer bedrifts- og produktopplysninger, blant annet med hjemmel i miljøinformasjonslovens § 12.

Et annet moment, som høringsnotatet overhodet ikke synes å drøfte eller problematisere, er hvorvidt det rent rettssikkerhetsmessig er fornuftig å legge opp til en ordning hvor det er vergen og/eller vergemålsmyndigheten som i realiteten skal styre opplysningen om at det finnes en verge, og også vurdere hva som er «nødvendig av hensyn til personen selv, eller for å sikre at vergen kan utføre sitt oppdrag på en god måte.»

Har departementet overhodet vurdert muligheten for at en verge, eller for den saks skyld vergemålsmyndigheten, ikke bare har den personen det gjelder, men også sine egne interesser for øye når en slik vurdering skal foretas? Og kan det tenkes at disse i visse tilfeller kommer i konflikt med interessene til den personen som har fått oppnevnt verge?»

Dei same høyringsinstansane har vist til to konkrete saker som dei meiner illustrerer utfordringar ved reglane om teieplikt i verjemålssaker. Innspelet blir oppsummert slik:

«En regel som den foreslåtte vil etter vårt syn sementere vergens og vergemålsmyndighetenes mandat til, på ganske skjønnsmessig basis, å vurdere og overprøve interesser og synspunkter til en som er satt under vergemål – ikke minst i barnevernet.»

4.1.4 Departementet si vurdering

Departementet opprettholder forslaget i høringsnotatet om at unntaka frå teieplikta i verjemålslova §§ 46 og 65 bør gjelde alle oppnemnde verjer og ikkje berre oppnemnde verjer for vaksne. Ein viser til omtalen av forslaget i punkt 4.1.2. Fleire høyringsinstansar støttar forslaget, og ingen har gitt uttrykk for innvendingar.

Departementet foreslår òg ei presisering av unntaka frå teieplikta for oppnemnde verjer og verjemålsstyresmakta i tråd med forslaga i høringsnotatet, men med nokre mindre endringar av ordlyden. Forslaga vil innebære at omsyna som ligg til grunn for unntaka, blir klarare reflekterte i ordlyden i lova. Eit fleirtal av høyringsinstansane som har uttalt seg om spørsmålet, støttar ei slik presisering.

Til fråsegna frå *Norsk Journalistlag*, *Norsk Presseforbund* og *Norsk Redaktørforening* om betydinga av innsynsrett overfor offentleg for-

valtning, vil departementet peike på at forslaget om ei presisering av unntaka frå teieplikta for verjemålsstyresmakta gjeld unntak frå den alminnelege forvaltningsrettslege teieplikta. Forvaltningslova gjeld for verksemda til verjemålsstyresmakta om ikkje noko anna følgjer av verjemålslova, jf. verjemålslova § 55 tredje ledd. Dette omfattar mellom anna teieplikta etter forvaltningslova. Når det er gjort eit særleg unntak for opplysninga om at ein person har fått oppretta verjemål, i verjemålslova § 65, er det fordi ei slik opplysning normalt vil vere omfatta av dei alminnelege forvaltningsrettslege reglane om teieplikt, jf. og Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) side 207.

Unntaket frå teieplikta er grunngitt i omsynet til at personen som har fått oppnemnt verje, får eit tilstrekkeleg vern, og at verja kan utføre verjeoppdraget på ein god måte. Unntaket bør ikkje gjerast meir omfattande enn desse omsyna tilseier. Departementet legg avgjerande vekt på at opplysninga om at det er oppnemnt verje for ein person, kan oppfattast som sensitiv. I høringsnotatet vart det som døme vist til at ein ut frå opplysninga om at det er oppnemnt verje for ein mindreårig, vil kunne utleie sensitiv informasjon om familiesituasjonen til den mindreårige. Tilsvarende vil ein ut frå opplysninga om at det er oppnemnt verje for ein vaksen, mellom anna kunne utleie sensitiv informasjon om personens tilstand og behov for støtte. Eit ønske om at slike opplysningar ikkje blir gjorde kjende for utanforståande, er forståeleg. Omsynet til personen som det er vedteke verjemål for, bør etter departementet sitt syn vere det avgjerande for utforminga av unntaket frå teieplikta. Reglane bør til dømes ikkje opne for at utanforståande kan få opplysningar frå verjemålsstyresmakta om at det er oppnemnt verje for ein vaksen person, berre ut frå eit ønske om informasjon om personens behov for støtte.

Kjem ikkje unntaket til bruk, gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvaltningslova. Mellom anna kan den som har krav på taushet, sjølv samtykkje til at opplysningane blir gitt, jf. forvaltningslova § 13 a nr. 1. Meiner ein i ei konkret sak at reglane om teieplikt blir praktiserte på ein måte som ikkje er i samsvar med lova, kan spørsmålet først inn for overordna forvaltningsorgan gjennom tilsynsreglane eller klage på eventuelle vedtak.

For teieplikta for oppnemnde verjer foreslår departementet etter dette ei presisering slik at det går fram at unntaka frå teieplikta berre gjeld der det er nødvendig av omsyn til personen sjølv eller for at verja skal kunne gjennomføre oppgåvene

sine på ein god måte. Med ein slik ordlyd vil vurderinga nødvendigvis måtte byggje på skjøn, og det bør godtakast ein viss skjønsmargin. Særleg gjeld dette dersom brot på teieplikta kan straffesanksjonerast, slik det i visse tilfelle blir foreslått i punkt 4.2. Er verja i tvil, bør han eller ho rådføre seg med fylkesmannen, jf. verjemålslova § 47 andre ledd.

Også vurderinga til verjemålsstyresmakta etter ordlyden som er foreslått i § 65, vil nødvendigvis vere bygd på skjøn. Omsynet til personen det er oppnemnt verje for, og at verja skal kunne utføre verjeoppdraget på ein god måte, vil vere det avgjerande.

I høyringsfråsegna frå *Fylkesmannen i Møre og Romsdal* er det peikt på at unntaket frå teieplikta for verjemålsstyresmakta som følgjer av § 65, ikkje er i samsvar med unntaket frå teieplikta for oppnemnde verjer etter § 46 andre ledd. I begge føresegnene er det gjort unntak for opplysningar om at ein person har fått oppnemnt verje, men det er berre i § 46 andre ledd at det er gjort unntak for opplysninga om kven som er verje, og om rammene for verjeoppdraget, jf. andre punktum. Departementet er samd i at det er vanskeleg å sjå nokon grunn til at ikkje også verjemålsstyresmakta skal ha høve til å opplyse om kven som er verje, og om rammene for verjeoppdraget når verja kan opplyse om dette uhindra av teieplikta. Departementet foreslår derfor eit nytt andre punktum i § 65 med eit tilsvarende unntak som etter § 46 andre ledd andre punktum. Avgrensinga om at opplysningane berre kan givast ut i den utstrekning det er nødvendig av omsyn til personen sjølv eller for å sikre at verja kan utføre oppdraget sitt på ein god måte, vil gjelde for verjemålsstyresmakta òg.

Departementet følgjer ikkje opp forslaget frå *Helsedirektoratet* om å ta inn eit særskilt unntak frå teieplikta for oppnemnde verje og verjemålsstyresmakta der det er nødvendig «for at andre skal kunne oppfylle sine lovpålagte oppgaver overfor personen». Også i slike situasjonar bør det etter det departementet meiner, vere omsynet til personen sjølv og omsynet til at verja kan utføre oppdraget sitt på ein god måte, som bør vere avgjerande for omfanget av teieplikta.

Departementet har merka seg at *Fylkesmannen i Hedmark* etterspør ei tydeleggjering av korleis fylkesmennene bør utforme verjefullmakta. Slik departementet ser det, synest det som mest formålstenleg at slike føringar blir gitt i form av retningslinjer frå den sentrale verjemålsstyresmakta.

Endringane som er foreslått i proposisjonen her, gjer det naturleg å vurdere om det òg bør gjerast endringar i reglane om utlevering av opplysningar om verjemål og stadfesta framtidsfullmakter frå Folkeregisteret. Dette vil bli vurdert i eit eige lovarbeid.

4.2 Brot på teieplikta for oppnemnde verjer

4.2.1 Gjeldande rett

Dersom ei verje bryt teieplikta, kan det etter omstenda gi grunnlag for at fylkesmannen vedtek å ta vervet ifrå verja, jf. verjemålslova § 29 andre ledd. Den oppnemnde verja vil dessutan kunne bli erstatningsansvarleg etter allmenne erstatningsrettslege reglar. Av Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) går det fram på side 200 at det ikkje er teke sikte på at brot på teieplikta skal vere straffesanksjonerte.

Straffelova 2005 tok til å gjelde 1. oktober 2015. Etter § 209 første ledd «straffes den som røper opplysning som han har taushetsplikt om i henhold til lovbestemmelse eller forskrift, eller utnytter en slik opplysning med forsett om å skaffe seg eller andre en uberettiget vinning». Det blir sagt følgjande om denne føresegna i Ot.prp. nr. 22 (2008–2009) på side 406:

«Lovforslaget innebærer ... at alle overtredelser av bestemmelser om taushetsplikt i særlov-givningen i utgangspunktet rammes av bestemmelsen. Bestemmelser om taushetsplikt i de enkelte særlover bør, av informasjons-hensyn, inneholde en henvisning til § 209, uten at dette er noen betingelse for straffansvar.»

Vidare er det sagt på side 75:

«Straffelovkommisjonen utelukker ikke at det ved spesielle behov kan være mulig å fastsette en regulering i den enkelte særlov som avviker fra forslaget til alminnelig straffebestemmelse om brudd på taushetsplikt. Departementet mener det er riktig å holde muligheten åpen, men vil understreke at det ikke betyr at avvikende eller overlappende bestemmelser i spesiallov-givningen automatisk kan videreføres. Straffebestemmelsene om taushetsbrudd i spesiallov-givningen bør gjennomgås med sikte på å unngå helt eller delvis overlappende eller avvikende strafftrusler som ikke kan begrunnes spesielt.»

4.2.2 Høyringsnotatet 19. oktober 2016

I høyringsnotatet tok departementet utgangspunkt i at det i lys av ikraftsetjinga av straffelova 2005 og dei nemnde utdraga frå Ot.prp. nr. 22 (2008–2009) kan vere grunn til å ta opp att spørsmålet om brot på teieplikta etter verjemålslova § 46 bør kunne sanksjonerast med straff. Vidare vart det uttalt i høyringsnotatet:

«Oppnevnte verger er en differensiert gruppe. Bruk av alminnelige verger er vergemålslovens hovedløsning, men det er også lagt til rette for en ordning med faste verger. I gruppen oppnevnte verger finner man dermed både familiemedlemmer av personen, andre alminnelige verger og profesjonelle verger. Advokater kan også være oppnevnt som verger.

Det kan fremstå som lite rimelig å pålegge familiemedlemmer og andre nærstående verger straffansvar ved brudd på taushetsplikten etter vergemålsloven § 46. Nære pårørende vil ofte ha mange kilder til sin kjennskap til opplysninger som omfattes av taushetsplikten, og en straffesanksjonert lovgivning synes lite passende.

For faste verger kan spørsmålet stille seg annerledes. Slike verger vil normalt ha mange vergeoppdrag, og de har dermed tilsvarende større muligheter til å misbruke vergerollen. Det kan derfor være grunn til å stille strenge krav til slike «profesjonelle» verger, jf. også Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) side 81.»

I høyringsnotatet vart det etter dette foreslått å ta inn i verjemålslova som eit nytt fjerde ledd i § 46 ei føresegn om at brot på teieplikta for faste verjer kan straffast etter straffelova § 209. For andre oppnemnde verjer vart det lagt til grunn at brot på teieplikta ikkje bør kunne straffast.

4.2.3 Høyringsinstansane sitt syn

Fylkesmannen i Hedmark, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Telemark, Helsedirektoratet, Riksadvokaten, Statens sivilrettsforvaltning og Jussformidlingen har uttalt seg om forslaget. Ingen av høyringsinstansane har innvendingar mot at det i visse situasjonar kan vere aktuelt å straffesanksjonere brot på teieplikta. *Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Rogaland, Helsedirektoratet, Riksadvokaten* og *Jussformidlingen* gir uttrykk for at dei støttar forslaget.

Fylkesmannen i Hedmark, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Telemark og *Statens sivilrettsforvaltning* har synspunkt på forslaget om at straffesanksjoneringa av brot på teieplikta blir avgrensa til faste verjer. Fleire peiker på at grensa mellom faste verjer og alminnelege verjer kan vere vanskeleg å trekke, og at ulike fylkesmanns-embete kan ha ulik praksis med omsyn til kven som blir engasjerte som faste verjer. Andre viser til grunngevinga for forslaget i høyringsnotatet og stiller spørsmål om grensa for straffesanksjonering heller bør gå mellom nærstående og andre alminnelege verjer. Mellom anna uttaler *Fylkesmannen i Telemark*:

«I praksis vil man ha endel grensetilfeller på hvorvidt noen skal anses som fast verge eller såkalt alminnelig verge. En alminnelig verge kan være en person som tar på seg ett eller flere oppdrag, men som ikke anses som fast verge i forhold til for eksempel godtgjøringsreglementet. Det kan være en bekjent av vedkommende eller en helt utenforstående person. Vurderingen av om noen skal regnes som fast verge eller ei, er en konkret vurdering som bla. kan gå på antall oppdrag, selvstendig næringsdrivende eller ei, langvarig virksomhet som verge etc. og er en skjønnsmessig vurdering. Så lenge begrepet «fast verge» ikke er klart definert i lovverket ellers, mener vi en slik sontring vil være for utydelig. Også en alminnelig verge kan være en utenforstående og ha flere oppdrag, og vi kan således heller ikke se noen god grunn til at disse ikke skal kunne ilegges straffeansvar. Vi foreslår heller at avgrensningen gjøres mot relasjonene til den man er verge for, slik at en krets av «familieverger» ikke omfattes av bestemmelsen om straffeansvar.»

4.2.4 Departementet si vurdering

Departementet foreslår at brot på teieplikta for faste verjer skal kunne straffast etter straffelova § 209. Dette er i tråd med forslaget i høyringsnotatet, men det blir foreslått nokre mindre justeringar av ordlyden. For andre oppnemnde verjer enn faste verjer blir det dermed foreslått at brot på teieplikta ikkje skal kunne straffast.

Til spørsmålet om straffesanksjonering heller bør knytast til relasjonen mellom verja og personen med verje, vil departementet peike på at også gruppa alminnelege verjer er differensiert. Som *Fylkesmannen i Telemark* viser til, kan ei alminne-

leg verje vere ein utanforståande og ha fleire oppdrag. Men ei alminneleg verje kan òg vere ein nær venn av personen han eller ho er verje for, eller på annan måte stå vedkomande nær. I høyringsnotatet vart det gitt uttrykk for at det kan verke lite rimeleg å påleggje familiemedlemmer og andre nærståande verjer straffansvar ved brot på teieplikta etter verjemålslova § 46. Nære pårørande vil ofte ha mange kjelder til kjennskapen dei har til opplysningar som er omfatta av teieplikta, og ei straffesanksjonering av teieplikta synest av den grunn lite passande. Etter departementet sitt syn gjer desse omsyna seg gjeldande ikkje berre for nære familiemedlemmer, men òg for andre som står personen nær.

At grensa for straffesanksjonering blir dregen ved faste verjer, verkar òg formålstenleg i lys av det frivillige aspektet for dei alminnelege verjene. Sjølv om verjemålslova legg til rette for ei ordning med faste verjer, er det ordninga med frivillige verjer som er hovudløysinga i lova, jf. Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) side 83. Det vil ofte vere ønskjeleg å finne nokon i krinsen rundt den hjelpetrengande som ønskjer, eller er skikka til, å vere verje, også der vedkomande ikkje har nære slektningar som er eigna. Blir brot på teieplikta sanksjonert strengare for slike frivillige verjer enn

for nærståande, kan terskelen for å ta på seg eit oppdrag som verje kanskje bli høgare.

Avgrensinga er òg i samsvar med utgangspunktet om at det bør stillast strenge krav til «profesjonelle» verjer, jf. Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) side 81. Som peikt på i høyringsnotatet vil slike verjer normalt ha fleire verjeoppdrag og tilsvarende større høve til å misbruke verjerolla.

Departementet er samtidig samd i at det vil vere uheldig dersom grensa for når brot på teieplikta kan straffesanksjonerast, blir praktisert ulikt i ulike embete. Dette bør likevel løysast ved å syte for lik praktisering av grensa mellom faste verjer og alminnelege verjer i dei ulike fylkesmannsembeta. Lik praksis på dette området er viktig også av omsyn til likebehandling for personane det blir oppnemnt verje for. Spørsmålet om ei verje blir rekna som fast verje eller alminneleg verje, har betydning mellom anna for retten verja har til godtgjering, jf. verjemålsforskrifta § 16.

Lik praktisering av grensa mellom alminnelege verjer og faste verjer synest mest formålstenleg å sikre gjennom forskriftsreglar eller sentrale retningslinjer. Verjemålslova § 26 gir allereie heimel til å gi nærmare reglar om mellom anna kvalifikasjonskrav for faste verjer. Det blir derfor ikkje vurdert som nødvendig med lovendringar.

5 Dødsfall i utlandet

5.1 Gjeldande rett

Når norske borgarar døyr i utlandet, skal den norske utanriksstasjonen i landet der personen døyr, innhente dødsattest frå dei lokale styresmaktene og sende denne attesten til Skattedirektoratet i Noreg. Dødsfallet blir da registrert i Folkeregisteret. Dersom den avdøde var registrert busett i Noreg, sender Skattedirektoratet dødsattesten til tingretten der avdøde sist var bustadregistrert. Tilsvarende reglar gjeld der avdøde var utanlandsk borgar, men busett i Noreg.

Det oppstår eit særleg problem for registreringa i Folkeregisteret når det ikkje lèt seg gjere å skaffe fram ein dødsattest som norske styresmakter godtek. Somme gonger kjem dette av krig eller anna uro som gjer det vanskeleg å skaffe fram offentlege dokument frå landet det gjeld. Vel så ofte er årsaka at dødsattestar frå det aktuelle landet ikkje blir nytta som grunnlag for registrering i Noreg, jf. folkeregisterforskrifta kapittel 8, del D (tidlegare Instruks om krav til dokumentasjon og fremgangsmåte for å kunne registrere rettslige og faktiske forhold som finner sted i utlandet, fastsett av Skattedirektoratet 12. desember 2007 med heimel i den tidlegare folkeregisterforskrifta § 1-2 bokstav b). Dette gjeld særleg ein del afrikanske og asiatiske land. Grunnen er at attestar frå desse landa ikkje blir rekna for å ha det nødvendige truverdet ettersom dei ofte blir forfalska eller kan kjøpast. Manglande dødsattest kan skape problem for dei etterlatne i Noreg. Dersom dødsfallet ikkje blir registrert, får ein ikkje skifta eit eventuelt dødsbu. Det kan òg kome opp problem i andre samanhengar, til dømes der dødsfallet har noko å seie for om ein attlevande ekte-make eller eit attlevande barn har rett til ytingar frå det offentlege.

Vi har i dag ingen eigen heimel til å ta avgjerd om ein person skal reknast for å vere død, i saker der det ikkje ligg føre gyldig dødsattest, men der dei etterlatne likevel gjer gjeldande at ein person er død. Det er ei slik spesialføresegn i ekteskapslova § 7. Ekteskapslova § 7 har reglar om bevis til bruk for prøvinga av om ekteskapsvilkåra er oppfylte. Kvar av brudefolka skal mellom anna

erklære om han eller ho har inngått ekteskap eller registrert partnerskap tidlegare. I § 7 bokstav e er det gitt nærmare reglar om kva slags bevis som krevst for at eit tidlegare ekteskap eller registrert partnerskap skal reknast som avslutta. Av føresegna går det fram at bevis for at ein tidlegare ektemake eller registrert partnar er død, som regel skal førast ved attest frå ei innlandsk eller utanlandsk offentlig styresmakt. Dersom slik attest ikkje kan skaffast fram, kan parten leggje fram sine opplysningar og bevis for retten, som avgjer om bevisa skal godtakast. Ei avgjerd etter ekteskapslova § 7 kan likevel berre nyttast for å prøve ekteskapsvilkåra, dei såkalla gjengiftetilfella, og kan ikkje nyttast i andre tilfelle.

I saker der ein person med tilknytning til Noreg har døydd i utlandet, og det ikkje kan skaffast fram dokumentasjon på dødsfallet som kan godtakast for å registrere personen som død i Folkeregisteret, er dei etterlatne i dag nøydd til å fremje krav overfor tingretten om å gi orskurd om at personen skal reknast for å vere død etter lov om forsvunne personar § 8 (og tidlegare lov 23. mars 1961 nr. 1 om forsvunne personer § 1), som domstolane nyttar analogisk i slike saker.

Det følgjer av lov om forsvunne personar § 1 at lova gir reglar om forvaltninga av egedelane til personen som er forsvunnen, og dessutan reglar om korleis ein skal gå fram for å avgjere om den forsvunne personen skal reknast for å vere død, verknaden av ei slik avgjerd og reglar om tilbakeføring av egedelane til personen dersom personen seinare kjem til rette.

I lova kapittel 3 blir det regulert korleis ein skal gå fram for å avgjere om ein person skal reknast for å vere død. Det følgjer av §§ 8 og 9 at retten på nærmare vilkår kan gi orskurd om dette når ein person er forsvunnen.

Etter § 8 er vilkåret for å gi slik orskurd at personen er forsvunnen under omstende som gjer at det «ikkje er grunn til å tvile på» at personen er død. Dette inneber ikkje eit krav om absolutt visse, men at det etter ei samla vurdering av bevisa ikkje er «fornuftig og rimelig tvil» om dødsfallet, jf. Prop. 18 L (2014–2015) side 41. Er vil-

kåret oppfylt, kan orskurden om at personen skal reknast for å vere død, givast «straks».

Paragraf 9 gir høve til å gi orskurd om at ein person skal reknast for å vere død, i tilfelle der det er mindre grad av visse om at personen er død. Etter § 9 første og andre ledd er vilkåret at personen saka gjeld, «høgst sannsynleg» er død. Når dette vilkåret er oppfylt, kan det reisast sak om at personen skal reknast for å vere død, når det er gått eitt år etter det siste tidspunktet da ein visste at personen var i live, jf. § 9 første ledd. Det kan likevel reisast sak «straks» dersom personen forsvann i samband med ei ytre hending som skapte stor livsfare, og det av den grunn er høgst sannsynleg at personen er død, jf. andre ledd. Når vilkåret om at personen «høgst sannsynleg» er død, ikkje er oppfylt, kan saka reisast når det er gått fem år sidan det siste tidspunktet da ein visste at personen var i live, jf. § 9 tredje ledd.

Verknaden av ein orskurd om at ein person skal reknast for å vere død etter § 8 eller § 9, er regulert i § 14. Orskurden verkar for og mot alle og skal leggjast til grunn i alle forhold der det har noko å seie om den forsvunne er i live eller ikkje.

Lov om forsvunne personar § 2 regulerer når ei sak om ein forsvunnen person kan behandlast av norske domstolar, og i tillegg lovvalet.

Etter hovudregelen i § 2 første ledd kan sak reisast i Noreg når den forsvunne hadde sin vanlege bustad her. Etter § 2 andre ledd første punktum kan det vidare reisast sak i Noreg når den forsvunne har tilknytting til Noreg gjennom å ha formue i riket, men da berre med verknad for denne formuen. Etter § 2 andre ledd andre punktum kan det òg reisast sak i Noreg dersom saka av andre grunnar er «knytt til Noreg på ein slik måte at det er rimeleg at ho blir reist her», og det blir «godtgjort» at det ikkje er eller vil bli reist sak i ein annan stat der det er meir formålstenleg å avgjere saka.

5.2 Høyringsnotatet 9. november 2016

Som ein konsekvens av den aukande internasjonaliseringa dei seinare åra har talet på dødsfall i utlandet som skal registrerast i Noreg, stige vesentleg. Det er da naturleg å rekne med at talet på saker der det ikkje kan skaffast fram dokumentasjon på dødsfallet som kan godtakast for å registrere personen som død i det norske Folkeregistret, òg er stigande. I slike saker er dei etterlatne i dag nøydd til å setje fram krav overfor tingretten om å gi orskurd om at personen skal reknast for å vere død etter lov om forsvunne personar § 8 (og

tidlegare lov 23. mars 1961 nr. 1 om forsvunne personar § 1), som domstolane nyttar analogisk i slike saker. I tilfelle der personen utan tvil er død, kan det likevel verke upassande eller framandt å behandle saka etter dei reglane som gjeld for «forsvunne» personar. På bakgrunn av dette vart det i høyringsnotatet foreslått ein meir passende heimel for behandlinga av slike saker.

Departementet vurderte om ein slik heimel formålstenleg kunne givast i skiftelova, som ein tematisk parallell til ekteskapslova § 7 bokstav e. Det vart likevel konkludert med at det var behov for ei meir generell føresegn. Det behovet dei etterlatne har for ei avgjerd om at personen skal reknast for å vere død, vil kunne oppstå i ulike samanhengar, ikkje berre i samband med skifte av dødsbuet. Til dømes vil det òg kunne ha noko å seie for om den attlevande ektemaken eller attlevande barn har rett til ytingar frå det offentlege. Departementet rekna derfor med at det er meir formålstenleg å utforme ei generell føresegn om behandlinga av desse sakene. Departementet foreslo at dette blir gjort ved å føye til eit nytt fjerde ledd i § 8 i lov om forsvunne personar.

Departementet foreslo inga tilsvarende endring av § 9. I saker der spørsmålet om personen er død, er meir tvilsamt, er det meir nærliggjande å seie at personen er «forsvunnen», og § 9 kan da nyttast direkte etter ordlyden sin.

Det vart ikkje foreslått endringar i reglane om jurisdiksjon i lov om forsvunne personar § 2 i lys av tilføyinga av § 8 nytt fjerde ledd.

5.3 Høyringsinstansane sitt syn

Finansdepartementet, Oslo byfogdembete, Kripos og Skattedirektoratet har uttalt at dei er positive til lovforslaget. Ingen høyringsinstansar har uttalt at dei ikkje støttar lovforslaget.

Oslo byfogdembete er samd i at ein eventuell ny heimel bør takast inn i lov om forsvunne personar § 8, og at det ikkje er behov for ei tilsvarende endring av § 9. Når det gjeld forholdet til jurisdiksjonsregelen i lov om forsvunne personar § 2, uttaler Oslo byfogdembete:

«Oslo byfogdembete bemerker til dette at det ved departementets forslag til nytt fjerde ledd i § 8 implisitt ligger en begrensning i forhold til det som følger av § 2, jf. kravet om at «...det ikkje kan skaffast dokumentasjon på dødsfallet som norske styresmakter godtek for å registrere dødsfallet i Folkeregistret.» (Vår understreking). Ettersom dødsfall kun registreres i

det norske Folkeregisteret dersom avdøde var norsk statsborger eller var/har vært bosatt i Norge, vil bestemmelsen begrenses tilsvarende. Etter vårt syn er det nødvendig med en slik begrensning, idet en ellers risikerer å få en utvidelse som ikke er ønskelig, og som for øvrig kan bli vanskelig å praktisere. For å unngå tolkningstvil på dette punkt, kunne man eventuelt innta en tilføyelse i § 2 annet ledd om at denne gjelder når ikke annet følger av denne lov.»

Skattedirektoratet uttaler at direktoratet ser forslaget som ei forenkling i arbeidet til folkeregisterstyresmakta med å få registrert dødsfall der ein attest med den nødvendige notoritet ikkje kan skaffast fram.

5.4 Departementet si vurdering

Departementet følgjer opp forslaget i høyringsnotatet om å endre regelen om at ein person skal reknast for å vere død når det ikkje er grunn til å

tvile på at personen er død, jf. lov om forsvunne personar § 8. Forslaget har fått støtte i høyringa.

Gjennom forslaget til lov om forsvunne personar § 8 nytt fjerde ledd blir verkeområdet for § 8 utvida til òg å gjelde saker der personen det gjeld, ikkje er «forvunnen», men openbert død. Det er ikkje meininga å innskrenke retten etter § 9 til å behandle reelle «forsvinningar» i land som ikkje utferdar dødsattestar som blir godtekne av norske styresmakter.

Departementet foreslår ingen endringer i reglane om jurisdiksjon i lov om forsvunne personar § 2 på bakgrunn av tilføyinga av § 8 nytt fjerde ledd. Som Oslo byfogdembete òg viser til i høyringsfråsegna si til høyringsnotatet frå departementet, er forslaget frå departementet til nytt fjerde ledd i § 8 materielt avgrensa til dødsfall som vil kunne registrerast i det norske Folkeregisteret. Det dreiar seg om ein snever spesialregel for ein spesiell sakstype, og etter departementet sitt syn er det ikkje behov for å endre § 2 på grunn av denne tilføyinga.

Ein viser elles til merknaden til føresegna.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringane som gjeld teieplikta for verjer, jf. punkt 3 og 4, er ikkje venta å ha nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar. Det tilsvarande vart lagt til grunn i høyringsnotatet frå departementet, og det har fått tilslutning frå *Statens sivilrettsforvaltning* og *Fylkesmannen i Rogaland* i den allmenne høyringa.

I punkt 5 foreslår departementet å gi ein særskild heimel for behandlinga av saker som i dag blir handterte ved ein analogisk bruk av lov om

forsvunne personar § 8. At behandlinga av desse sakene blir regulert i ei eiga føresegn, reknar ein i prinsippet ikkje vil føre til nokon auke i talet på saker. På den andre sida kan det ikkje sjåast bort frå at ei lovendring kan innebære ei synleggjering av denne sakstypen som vil kunne føre til at nokre fleire saker blir førte inn for domstolane. Ein legg likevel til grunn at auken i talet på saker i så fall vil vere liten. Meirkostnadene vil bli dekte innanfor dei gjeldande budsjетtrammene for departementa.

7 Merknader til dei einskilde føresegnene

7.1 Endringar i verjemålslova

Til § 46

Endringane i *andre* og *tredje ledd* tydeleggjer at unntaka frå teieplikta for oppnemnde verjer gjeld for oppnemnde verjer både for vaksne og mindreårige, sjå punkt 4.1. Vidare inneber endringen i *andre ledd* at unntaka frå teieplikta berre gjeld der det er nødvendig av omsyn til personen sjølv eller nødvendig for at verja skal kunne gjennomføre oppgåvene sine på ein praktisk og formålstenleg måte. Vilkåret er basert på skjønn og må vurderast konkret. Ved vurderinga bør det takast utgangspunkt i omsynet til personen som har fått oppnemnt verje. Omsynet til å sikre tillita til verja når han eller ho opptrer som verje, og behovet for å kunne opplyse om omfanget av verjeoppdraget i samband med det, kan òg vere relevante moment.

Fylkesmannen i Rogaland meiner at føresegna bør utformast noko annleis, og viser til at ordlyden peiker to gonger på at ei opplysning om oppnemning av verje ikkje er omfatta av teieplikta. Når det gjeld dette, vil departementet gjere merkam på at opplysninga om «at en person har fått oppnevnt verje», reflekterer at det er vedteke verjemål for vedkomande etter verjemålslova § 16, eventuelt kapittel 4, mens opplysninga «om at vedkommende er oppnevnt som verje», siktar til opplysninga om kven som er verje.

Tilføyinga av eit *nytt fjerde ledd* inneber at brot på teieplikta etter verjemålslova § 46 kan sanksjonast med straff for faste verjer, sjå punkt 4.2. For andre oppnemnde verjer vil brot på teieplikta som følgjer av § 46 ikkje vere straffesanksjonert. Brot på teieplikta vil likevel etter omstenda kunne vere grunn til at fylkesmannen vedtek å ta vervet ifrå verja. Den oppnemnde verja vil dessutan framleis kunne bli erstatningsansvarleg etter allmenne erstatningsrettslege reglar.

For representantar for einslege, mindreårige asylsøkjjarar gjeld verjemålslova så langt ho passar, jf. utlendingslova § 98 a tredje ledd. Dette

inneber mellom anna at reglane i verjemålslova om teieplikt gjeld, jf. Prop. 51 L (2011–2012) side 39. Endringsforslaga i proposisjonen her vil dermed òg få betydning for representantar for einslege, mindreårige asylsøkjjarar.

Til § 47

Det blir foreslått ei presisering om at opplysningsplikta til verja gjeld overfor fylkesmannen. Opplysningsplikta gjeld ikkje overfor retten i saker om fråtaking av rettsleg handleevne. Fremjar fylkesmannen sak om fråtaking av rettsleg handleevne, vil likevel fylkesmannen kunne vise til opplysningar som er mottekne frå verja.

Til § 65

Endringa i overskrifta til paragrafen tydeleggjer at det er snakk om unntak frå teieplikta som gjeld for verjemålsstyresmakta si verksemd. Endringa i *første punktum* tydeleggjer at unntaka frå teieplikta for verjemålsstyresmakta gjeld både overfor vaksne og mindreårige med oppnemnde verjer, sjå punkt 4.1. Vidare inneber endringa at unntaka frå teieplikta berre gjeld der det er nødvendig av omsyn til personen sjølv eller for at verja skal kunne gjennomføre oppgåvene sine på ein praktisk og formålstenleg måte. Ein viser til merkningen til § 46, der det blir foreslått ei tilsvarande endring. *Andre punktum* er nytt og presiserer at verjemålsstyresmakta med same avgrensing som etter første punktum kan gi opplysningar om kven som er oppnemnd som verje, og om rammene for verjeoppdraget.

Til § 69

Endringa inneber at verja ikkje lenger sjølv kan reise sak om verjemål med fråtaking av den rettslege handleevna. Dersom verja meiner at det er behov for slikt verjemål, kan han eller ho ta dette opp med fylkesmannen.

7.2 Endringar i tvistelova

Til ny § 22-3 a

Første ledd i føresegna inneber at retten ikkje kan ta imot bevis frå oppnemnde verjer når dette vil krenkje den lovbestemte teieplikta etter verjemålslova § 46, sjå punkt 3.

Dette får ingen verknad for forhold som ikkje er omfatta av teieplikta. I samband med det viser ein særleg til at § 46 skal utfyllast av forvaltningslova § 13 andre ledd første punktum og § 13 a. Mellom anna gjeld avgrensingane i teieplikta der det ikkje er behov for vern, jf. forvaltningslova § 13 a, og for oppnemnde verjer, jf. Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) side 200.

Vilkåret for bevisforbodet er at bevisførsel vil krenkje teieplikta for verja. Etter verjemålslova § 46 tredje ledd, jf. forvaltningslova § 13 a, kan den som har krav på hemmelegghald, samtykkje til at opplysningar blir gjorde kjende for andre. Der som samtykke blir gitt, kan ikkje den oppnemnde verja nekte å leggje fram beviset.

Andre ledd første punktum i føresegna inneber at retten ved orskurd kan avgjere om beviset kan førast i den utstrekning personen med verje ikkje er i stand til å forstå kva eit samtykke inneber. Retten vil først måtte ta stilling til om dette vilkåret er oppfylt. Det sentrale vurderingstemaet vil vere om vedkomande har den nødvendige mentale kapasiteten til å kunne gi eit gyldig samtykke, og kriteriet «forstå» må ikkje tolkast strengt. Ein viser til punkt 3.3.3, 3.4.3 og 3.5.3.

For mindreårige vil vitneførsel frå den oppnemnde verja i somme tilfelle føresetje samtykke frå den som har foreldreansvaret. Der det er verja som tek avgjerder som tilkjem den som har foreldreansvaret, jf. verjemålslova § 17 andre ledd, inneber *andre ledd andre punktum* at avgjerda om vitneførsel i slike tilfelle i staden blir gjort av retten. Er det ikkje verja som tek avgjerder som tilkjem den som har foreldreansvaret, kjem føresegna ikkje til bruk. *Andre ledd tredje punktum* presiserer at den mindreårige skal ha slik medråderett som følgjer av barnelova § 31. Der den mindreårige sjølv kan samtykkje til vitneførsel, kjem andre ledd andre og tredje punktum ikkje til bruk. Endringane fører ikkje med seg nokon endringar i den retten den mindreårige har til sjølv å samtykkje etter gjeldande rett. Ein viser til punkt 3.3.2, 3.4.2 og 3.5.2.

Bevis frå ei oppnemnd verje kan vere omfatta av andre reglar om bevisforbod eller bevisfritak. Til dømes vil verja ofte vere ein nærstående av

personen det gjeld, og kan ha rett til bevisfritak etter tvistelova § 22-8 og straffeprosesslova § 122. Slike grunnlag vil gjelde i tillegg til det som følgjer av den foreslåtte lovføresegna.

Teieplikta for ei oppnemnd verje kan òg ha eit dobbelt grunnlag, til dømes dersom ein advokat er oppnemnd som verje. Høvet til å føre bevis må da vurderast etter begge grunnlaga, i den utstrekning dei kjem til bruk. *Agder lagmannsrett* og *Fylkesmannen i Rogaland* stiller begge spørsmål ved føresetnaden om at ei oppnemnd verje som er advokat, allereie i eigenskap av dette vil vere underlagd reglar om teieplikt. Fylkesmannen i Rogaland viser til følgjande:

«Flere advokater tar også på seg vergeoppdrag som ikke har juridisk preg. Det vil i slike tilfeller noen ganger være tilfeldig om vergen har bakgrunn som advokat eller rørlegger. Vi tenker at reglene for hva som er taushetsbelagt bør være de samme for alle oppnevnte verger, uavhengig av profesjonsbakgrunn. I forhold til sanksjoner kan dette likevel være et moment.»

Agder lagmannsrett grunnngir spørsmålet slik:

«Bevisforbudet for betroelser til advokater i tvisteloven § 22-5 gjelder den egentlige advokatvirksomheten. En advokat som møter som partsrepresentant i egenskap av oppnevnt verge, bør innenfor rammen av vergeoppdraget antas å ha samme forklaringsplikt som andre lovlige stedfortredere for personlige eller upersonlige rettssubjekter.»

I lys av dette vil departementet peike på at spørsmålet om opplysningane er omfatta av teieplikt, må vurderast konkret. At ein advokat som er oppnemnd som verje, vil vere underlagd teieplikt i eigenskap av å vere advokat, inneber ikkje at alle opplysningar advokaten får som verje, nødvendigvis er omfatta av denne teieplikta. Kva opplysningar som er omfatta av teieplikta for advokatar, må vurderast etter grunnlaget for denne teieplikta.

Departementet legg elles til grunn at teieplikta og dermed òg det foreslåtte bevisforbodet som eit utgangspunkt vil gjelde også der personen er død. Dødsfallet kan likevel ha noko å seie for vurderinga av om opplysningane er omfatta av teieplikta etter verjemålslova, og om opplysningar som i utgangspunktet er omfatta, likevel kan givast ut. Ved vurderinga vil det vere naturleg å sjå til teieplikta etter forvaltningslova og teieplikta for advokatar.

7.3 Endringar i straffeprosesslova

Til § 118 b

Første og andre ledd i føreseгна svarar til ny § 22-3 a i tvistelova, med nødvendige tilpassingar. Ein viser til merknaden til denne føreseгна og til punkt 3.

Etter *tredje ledd* gjeld reglane i straffeprosesslova § 119 tredje og fjerde ledd tilsvarande for § 118 b. Dette inneber at forbodet fell bort når forklaringa trengst for å førebyggje at nokon uskuldig blir straffa, og at dersom den som har krav på hemmeleghald, ikkje samtykkjer i at avhøyringa går føre seg offentleg, skal forklaringa berre givast retten og partane i møte for stengde dører og under pålegg om teieplikt.

7.4 Endringar i lov om forsvunne personar

Til § 8

I *nytt fjerde ledd* blir det foreslått ein særskilt heimel for behandlinga av saker der ein person med tilknytning til Noreg har døydd i utlandet, og det ikkje kan skaffast fram dokumentasjon på dødsfallet som kan godtakast for å registrere personen som død i det norske Folkeregisteret. Føreseгна er avgrensa til å gjelde for dødsfall i utlandet som skal registrerast i Noreg. Desse sakene blir i dag handterte ved ein analogisk bruk av lov om forsvunne personar § 8. Formålet med forslaget er å leggje til rette for ei meir formålstenleg behandling av desse sakene.

7.5 Til inkurieopprettingane

Til skiftelova

I *skiftelova §§ 39, 42 og 43* er det vist til føreseгner i lov 23. mars 1961 nr. 1 om forsvunne personar mv. Denne lova er nå avløyst av lov 12. mai 2015 nr. 27 om forsvunne personar. Føreseгnene i § 14 andre og tredje ledd i tidlegare lov svarer til § 19 første og andre ledd i den nye lova, mens §§ 19 og 20 i tidlegare lov er flytta til arvelova §§ 75 b og 75 c, jf. Prop. 18 L (2014–2015) side 43–44. Det blir foreslått å endre tilvisingane.

Til sjekklova

I § 54 er det vist til «forretningsbank» og «sparebank». Uttrykket «forretningsbank» er ikkje ført vidare i finansføretakslova 2015. Derimot er

uttrykket «sparebank» nytta. Etter finansføretakslova svarer bankar som ikkje er sparebankar, fullt ut til det som tidlegare vart kalla forretningsbankar, jf. Prop. 125 L (2013–2014) side 25. Det blir foreslått å erstatte tilvisinga til «en forretningsbank eller en sparebank» med ein generell tilvising til «foretak som har tillatelse til å drive virksomhet som bank etter finansforetaksloven».

Til arvelova

I § 72 blir det vist til lov 23. mars 1961 nr. 1 om forsvunne personer mv. § 18. Denne lova er nå avløyst av lov 12. mai 2015 nr. 27 om forsvunne personar, og den aktuelle føreseгна vart flytta til arvelova § 75 a, jf. Prop. 18 L (2014–2015) side 28 og 44.

Til pantelova

Da § 5-7 femte ledd vart sjettemte ledd ved ei endring ved samvirkelova 2007, vart ikkje tilvisinga i § 5-8 endra tilsvarande.

Til rettshjelpslova

I § 16 *første ledd nr. 1* er det vist til lov 19. mars 1965 nr. 3 om fritaking for militærtjeneste av overbevisningsgrunner, som vart oppheva av forsvarslova 2016. Fritak frå teneste i Forsvaret av samvettsgrunnar er nå teke inn i forsvarslova kapittel 4.

Til straffeprosesslova

I § 119 *første ledd* er det tala om «statskirken». Etter at Den norske kyrkja vart eit eige rettssubjekt ved lov 2016 nr. 17, er det betre å tala om «Den norske kirke».

Til dekningslova

«Tredjemann» vart endra til «tredjeperson» ved lov 1999 nr. 72 for å gjera språket i dekningslova meir kjønnsnøytralt. Ein oversåg eit tilfelle i § 5-13.

Til inkassolova

I § 4 *fjerde ledd* er det vist til finansieringsverksemdslova 1988, som no er erstatta av finansføretakslova 2015.

Til naturskadeforsikringslova

I § 4 *andre ledd første punktum* blir det foreslått å endre «Statens naturskadefond» til «Landbruks-

direktoratet». Landbruksdirektoratet tok over ansvaret for handsaminga av statlege naturskadeerstatningssaker da naturskadeerstatningslova 2014 tredde i kraft 1. januar 2017. Den statlege ordninga for naturskadeerstatning blir ikkje lenger omtala som eit fond.

Til tvangsfullføringslova

I punkttoppstillinga i § 4-1 *andre ledd* har det vorte ein del feil i teiknsettinga ved tidlegare endringar.

I § 10-4 *tredje ledd* og § 10-7 *andre ledd* blir det vist til avsnitt V. Dette vart ikkje justert da nytt avsnitt V kom inn ved lov 2015 nr. 4 og føresegnene i avsnitt V vart flytte til avsnitt VI.

Til finansavtalelova

I § 35 *sjette ledd tredje punktum* blir det vist til definisjonen av elektroniske pengar i finansieringsverksemdslova 1988, som nå er avløyst av finansføretakslova 2015. Det blir foreslått at ein i staden visar til definisjonen der.

Til straffelova

Høvet etter § 53 *fjerde ledd* til å gje bot på vilkår når gjerningspersonen er under 18 år, vart føya til ved lov 2012 nr. 6. Ved ein inkurie manglar ei tilvising til § 39, som regulerer konsekvensar av brot på vilkåra. Til samanlikning syner § 60 om straffutmålingsutsetting til § 39. Det blir foreslått å presisere i § 53 *fjerde ledd* at § 39 gjeld tilsvarende så langt den passer.

I § 60 *tredje ledd andre punktum* er det vist til § 39 *andre ledd fjerde punktum*. Tilvisinga vart ikkje justert da § 39 *andre ledd* fekk eit nytt *tredje punktum* ved lov 2008 nr. 47 slik at *fjerde punktum* vart *femte punktum*.

I § 211 *første ledd* er det tala om «statskirken». Etter at Den norske kyrkja vart eit eige rettssubjekt ved lov 2016 nr. 17, er det betre å tala om «Den norske kirke».

Til tvistelova

I § 22-5 *første ledd første punktum* er det tala om «statskirken». Etter at Den norske kyrkja vart eit eige rettssubjekt ved lov 2016 nr. 17, er det betre å tala om «Den norske kirke».

Til verjemålslova

I § 36 *tredje ledd første punktum* blir ein stavefeil foreslått retta.

Til lov 20. januar 2012 nr. 6 om endringer i straffeloven, straffeprosessloven, straffegjennomføringsloven, konfliktrådsloven m.fl.

Dei føresegnene i del II og del III som ikkje alt er sette i kraft, skal ikkje setjast i kraft. For del II gjeld det endringar i den gamle strafferegistreringslova 1971 og for del III endringar i den gamle likningslova 1980.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i verjemålslova og lov om forsvunne personar mv. (teieplikt ved verjemål og dødsfall i utlandet m.m.).

Vi HARALD, Noregs konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i verjemålslova og lov om forsvunne personar mv. (teieplikt ved verjemål og dødsfall i utlandet m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i verjemålslova og lov om forsvunne personar mv. (teieplikt ved verjemål og dødsfall i utlandet m.m.)

I

I lov 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål blir det gjort følgjande endringar:

§ 46 skal lyde:

§ 46 *Taushetsplikt for oppnevnt verge*

En oppnevnt verge plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han eller hun får vite som ledd i vergeoppdraget om noens personlige forhold eller om tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den opplysningen angår. Taushetsplikten gjelder også etter at vergeoppdraget er avsluttet. Vergen kan heller ikke utnytte slike opplysninger i egen virksomhet eller tjeneste eller i arbeid for andre.

Opplysningen om at en person *har fått oppnevnt verge, kan gjøres kjent for andre i den utstrekning det er nødvendig av hensyn til personen selv, eller for å sikre at vergen kan utføre sitt oppdrag på en god måte.* Det samme gjelder opplysningen om at vedkommende er oppnevnt som verge, og opplysninger om rammene for vergeoppdraget.

Hvis den som *er under* vergemål, ikke selv kan gi uttrykk for sitt syn, gjelder ikke taushetsplikten overfor vedkommendes ektefelle, samboer, barn, barnebarn, foreldre og søsken i større utstrekning enn det som må antas å være etter hans eller hennes ønske. Taushetsplikten viker for opplysningsplikt og meldeplikt med hjemmel i lov. Forvaltningsloven § 13 annet ledd første punktum og § 13 a gjelder tilsvarende.

Straffeloven § 209 kommer til anvendelse bare overfor faste verger som bryter taushetsplikten etter bestemmelsen her.

§ 47 første ledd skal lyde:

Vergen står under tilsyn av fylkesmannen og plikter å gi de opplysninger om vergemålet *til fylkesmannen* som fylkesmannen ber om.

§ 65 skal lyde:

§ 65 *Unntak fra taushetsplikt*

Opplysningen om at en person *har fått oppnevnt verge, kan gjøres kjent for andre i den utstrekning det er nødvendig av hensyn til personen selv, eller for å sikre at vergen kan utføre sitt oppdrag på en god måte.* Det samme gjelder opplysningen om hvem som er oppnevnt som verge, og opplysninger om rammene for vergeoppdraget.

§ 69 første ledd første punktum skal lyde:

Sak om vergemål kan reises av dem som er nevnt i § 56 første ledd bokstav *a, b og d*, og av fylkesmannen.

II

I lov 17. juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile tvister skal ny § 22-3 a lyde:

§ 22-3 a *Bevisforbud om opplysninger undergitt lovbestemt taushetsplikt for verger*

Det kan ikke føres bevis når dette vil krenke en oppnevnt verges lovbestemte taushetsplikt etter vergemålsloven.

I den utstrekning personen med verge ikke er i stand til å forstå hva et samtykke innebærer, kan retten ved kjennelse beslutte om beviset kan føres. Det samme gjelder hvis personen med verge er mindreårig og ikke selv kan samtykke, og vergen treffer avgjørelser som tilkommer den som har foreldreansvaret etter vergemålsloven § 17 annet ledd. Om den mindreåriges medbestemmelsesrett ved rettens beslutning gjelder reglene i barneloven § 31.

III

I lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker skal ny § 118 b lyde:

Retten må ikke ta imot forklaring når dette vil krenke en oppnevnt verges lovbestemte taushetsplikt etter vergemålsloven.

I den utstrekning personen med verge ikke er i stand til å forstå hva et samtykke innebærer, kan

retten ved kjennelse beslutte om forklaring kan tas imot. Det samme gjelder hvis personen med verge er mindreårig og ikke selv kan samtykke, og vergen treffer avgjørelser som tilkommer den som har foreldreansvaret etter vergemålsloven § 17 annet ledd. Om den mindreåriges medbestemmelsesrett ved retens beslutning gjelder reglene i barneloven § 31.

Reglene i § 119 tredje og fjerde ledd gjelder tilsvarende.

IV

I lov 12. mai 2015 nr. 27 om forsvunne personar skal § 8 nytt fjerde ledd lyde:

Reglane i første til tredje ledd gjeld òg når ein person har døydd i utlandet, og det ikkje kan skaffast dokumentasjon på dødsfallet som norske styresmakter godtek for å registrere dødsfallet i Folkeregisteret. Reglane elles i denne lova gjeld tilsvarende for slike saker så langt dei høver.

V

Inkurieopprettingar

1. I lov 21. februar 1930 om skifte blir det gjort følgende endringer:

§ 39 andre ledd første punktum skal lyde:

Er det gitt utlegg til person under vergemål eller til noen hvis midler skal forvaltes som foreskrevet i *arvelova* §§ 75 b og 75 c, og utlegget i verdi svarer til eller overstiger det beløp som er fastsatt i medhold av vergemålsloven § 49 første ledd, skal skifteforvalteren uoppholdelig sende utskrift av utloddingsprotokollen til fylkesmannen som forvaltningen av midlene hører under.

§ 42 første punktum skal lyde:

Er loddeier urettelig forbigått ved utloddningen i et dødsbo eller har fått for liten lodd, kan han inntil hans krav på arv er forelda, gjøre krav gjeldende overfor dem som har mottatt arven i samsvar med bestemmelsene i *lov om forsvunne personar* § 19.

§ 43 første ledd tredje punktum skal lyde:

Ved beregningen av hva loddeiere plikter å yte, gjelder reglene i *lov om forsvunne personar* § 19 tilsvarende.

2. I lov 27. mai 1932 nr. 3 om chekker skal § 54 lyde:

Ved bank forstås i denne lov Norges Bank eller foretak som har tillatelse til å drive virksomhet som bank etter finansforetaksloven.

3. I lov 3. mars 1972 nr. 5 om arv m.m. skal § 72 andre ledd lyde:

Dersom det seinare blir godtgjort at arvingen overlevde arvelataren, kan arvingane etter den avdøde krevje tilbakesøking etter reglane i § 75 a.

4. I lov 8. februar 1980 nr. 2 om pant skal § 5-8 første ledd lyde:

Når det tas utlegg i adkomstdokument til leierett eller boretts til husrom, gjelder § 4-3 og § 5-7 sjette ledd tilsvarende.

5. I lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp skal § 16 første ledd nr. 1 lyde:

1. for den vernepliktige i saker om fritak for tjeneste i Forsvaret av overbevisningsgrunner etter forsvarsloven kapittel 4.

6. I lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker blir det gjort følgende endringer:

§ 119 første ledd skal lyde:

Uten samtykke av den som har krav på hemmelighold, må retten ikke ta imot forklaring av prester i *Den norske kirke*, prester eller forstandere i registrerte trossamfunn, advokater, forsvarere i straffesaker, meklingsmenn i ekteskapsaker, leger, psykologer, apotekere, jordmødre eller sykepleiere om noe som er betrodd dem i deres stilling.

7. I lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett skal § 5-13 første ledd innleiinga lyde:

Når *tredjeperson* har kausjonert eller stilt sikkerhet for gjeld som skyldneren har betalt, kan fordringshaveren eller boet kreve kausjonsansvaret eller sikkerhetsretten gjenopprettet, dersom:

8. I lov 13. mai 1988 nr. 26 om inkassovirksomhet og annen inndrivning av forfalte pengekrav skal § 4 fjerde ledd lyde:

Inkassovirksomhet som gjelder oppkjøp og inndrivning av forfalte fordringer kan drives uten bevilling av institusjoner som har rett til å drive finansieringsvirksomhet etter *finansforetaksloven*.

9. I lov 16. juni 1989 nr. 70 om naturskadeforsikring skal § 4 andre ledd første punktum lyde: Skadepoolen er kontaktledd mellom forsikringsbransjen og *Landbruksdirektoratet*.

10. I lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse blir det gjort følgjande endringar:

§ 4-1 andre ledd skal lyde:

De alminnelige tvangsgrunnlagene er:

- a) dom eller kjennelse av en norsk domstol, og andre avgjørelser av en norsk domstol som har virkning som dom eller kjennelse, eller som avgjør krav om erstatning for sakskostnader,
- b) avgjørelse av en annen norsk myndighet som har virkning som dom,
- c) vedtatt forelegg etter straffeprosessloven kapittel 20,
- d) voldgiftsdom etter voldgiftsloven og avgjørelser som ellers er tvangskraftige etter voldgiftsloven § 39,
- e) rettsforlik for norsk domstol og stadfestet forlik etter voldgiftsloven § 35,
- f) avgjørelse av utenlandsk domstol eller annen utenlandsk myndighet, utenlandsk offentlig forlik og voldgiftsdom, som etter lov eller overenskomst med fremmed stat vil være bindende og skal kunne fullbyrdes her i riket,
- g) avgjørelse av utenlandsk domstol som vil være bindende her i riket etter tvisteloven § 19-16 annet og tredje ledd,
- h) avgjørelse av internasjonal domstol eller av annen internasjonal myndighet, og forlik inngått for slike domstoler og myndigheter, som etter overenskomst med fremmed stat skal kunne fullbyrdes her i riket.

§ 10-4 tredje ledd andre punktum skal lyde:
Avsnitt VI gjelder da tilsvarende.

§ 10-7 andre ledd andre punktum skal lyde:
Avsnitt VI gjelder da tilsvarende.

11. I lov 25. juni 1999 nr. 46 om finansavtaler og finansoppdrag skal § 35 sjette ledd tredje punktum lyde:

For elektroniske penger som definert i *finansforetaksloven § 2-4 annet ledd* gjelder likevel første til fjerde ledd med mindre institusjonen ikke kan sperre kontoen eller betalingsinstrumentet.

12. I lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff blir det gjort følgjande endringar:

§ 53 fjerde ledd nytt sjette punktum skal lyde:
§ 39 gjelder tilsvarende så langt den passer.

§ 53 fjerde ledd nåværande sjette punktum blir sjuende punktum.

§ 60 tredje ledd andre punktum skal lyde:
§ 39 annet ledd *femte* punktum får likevel ikke anvendelse.

§ 211 første ledd skal lyde:

Med bot eller fengsel inntil 1 år straffes prester i *Den norske kirke*, prester eller forstandere i registrerte trossamfunn, advokater, forsvarere i straffesaker, meklingsmenn i ekteskapssaker, og disses hjelpere, som uberettiget røper hemmeligheter som er betrodd dem eller deres foresatte i anledning av stillingen eller oppdraget.

13. I lov 17. juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile tvister skal § 22-5 første ledd første punktum lyde:

Retten kan ikke ta imot bevis fra prester i *Den norske kirke*, prester eller forstandere i registrerte trossamfunn, advokater, forsvarere i straffesaker, meklere i ekteskapssaker, leger, psykologer, apotekere, jordmødre eller sykepleiere om noe som er betrodd dem i deres stilling.

14. I lov 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål skal § 36 tredje ledd første punktum lyde:

Penger som ikke skal forvaltes av fylkesmannen, skal vergen sette på *bankkonto* i eierens navn.

15. I lov 20. januar 2012 nr. 6 om endringer i straffeloven, straffeprosessloven, straffegjennomføringsloven, konfliktrådsloven m.fl. blir del II og III oppheva.

VI

1. Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan setje i kraft dei einskilte føresegnene til ulik tid.
2. Departementet kan gi nærmare overgangsreglar.

